

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 08.12.2014
Møtestad: Førde rådhus, møterom Krunene 5. etg.
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 046/14.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme: mobil 971 70 064.

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
044/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/14	Skriv og meldingar
046/14	Rådmannen orienterer om eigarmelding 2013-2014
047/14	Oppfølgingsliste 8-2014
048/14	Eventuelt

Med helsing

Anne Lise Bekjorden
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 044/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/343
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 045/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/340
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.12.2014	Sak BY-050/14 Teritalrapport pr. 31.08.2014, handsama i Bystyret 30.10.2014	980
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



Førde kommune

Styre, råd og utval

Formannskapet
Bystyret

Møtedato

23.10.2014
30.10.2014

Saksnr

067/14
050/14

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-210, FA-

Arkivsaknr.:

14/1282

Tertialrapport pr. 31.08.2014

Driftsbudsjett:

Eining	Varsla meirutgift	Årsak/Prognose
--------	----------------------	----------------

100-Rådmann		Barnevernet har plassert born med store hjelpebehov i andre kommunar, og der vi må dekke kostnadane knytt til ekstraressursar i skule og barnehage. Vi brukar ca 1.1 mill til dette som det ikkje har vorte kompensert for. Desse utgiftene fører til at vi får mindre til å tildele til barnehagane og skulane i Førde. Presset er stort. Risiko knytt til auke.
	500.000	Medfinansieringskostnad i samhandlingsreforma er budsjettert med 13,2 mill kr i 2014 samt at det er sett i verk tiltak for 0,8 mill kr for å redusere tilbakebetaling til Helseforetaket. Pr. no syner berekningar at Førde kommune må betale 0,5 mill kr meir enn budsjettert til Helseforetaket i 2014.
		Førde kommune har motteke skriv frå helse- og omsorgsdepartementet om at det ikkje er tilstrekkeleg heimel for refusjon mellom kommunar for utgifter til helse- og omsorgstenester etter utskriving frå institusjon. Vi har motteke oppseiing av refusjon frå to kommunar. Det er ikkje teke stilling til oppseiingane eller konsekvens av skrivet.
	-734.000	I revidert nasjonalbudsjett for 2014 er lønsveksten nedjustert frå 3,5 % til 3,3 %. For Førde kommune utgjør dette reduksjon i lønnskostnad tilsvarande 734.000 kr.
	1.600.000	Etter at lønsoppgjer kap. 4 er berekna og utbetalt utgjør dette 1.200.000,- meir enn budsjettert. I tillegg er lønsoppgjer for kap. 3 kr 400.000,- høgare enn budsjettert..
	500.000	Budsjettert vakanse i stilling på 0,5 mill kr som må sjåast opp mot mindreforbruk på stabseiningar.
	800.000	Husleigekostnad Rødekorsbygget 2014. Leigeavtale for helsestasjon og barnevern går ut i 2014.
110-Personal- og serviceeininga	-400.000	Eininga ligg an til eit mindreforbruk på om lag kr 00.000 ved årets slutt på grunn av noko vakanse i stillingar.
130-Rekneskap og skatt	-300.000	Eininga vil komme ut med eit mindreforbruk på om lag 300.000.- dersom ikkje noko uføresett inntreff.

140- Fagutvikling og koordinering	-200.000	Prosjektinntekter og vakanse i stillingar utover budsjett utgjer 200.000,- i mindreforbruk.
	360.000	Klientsak: Avtalt ekstra bemanning januar til og med desember med ein forventa ekstrakostnad på kr 1 800 000 (80% blir refundert av staten over 900) – dvs netto kr 360 000
	900.000	Oppjustering av festekontrakter og etterbetaling utgjer ein meirkostnad på 900.000,- i 2014.
210-219 Skulane	-2.100.000	Sparte lønnskostnader i samband med streik ved ungdomsskulane og Førde Norsksenter.
	2.100.000	Det vert lagt fram eiga sak om disponering av sparte lønsmidlar.
310-Helse og barn	3.000.000	Overforbruket skuldast auka utgifter til barnevernstiltak i heimane og til plasserte barnevernsborn.
314-Kronborg ressurshage	700.000	Arbeidsleiar rådhuskantina vart tenkt finansiert gjennom sal av møtemat. Dette har vi ikkje lukkast med i 2014 og må derfor vurdere å auke prisar evt. andre tiltak for budsjett 2015.
	300.000	Overtallig på grunn av omplassering av tilsett.
	200.000	Lærlingløn utgjer meirforbruk på eininga.
315-Bu- og miljøtenesta	4.500.000	Det er stort press på avlastningstenester og det vil bli innvilga auka avlastning til nokre brukarar. Bortfall forsterka SFO utgjer auka kostnad. Omsorgsløn går mot eit overforbruk på om lag 300 000,- Dette er ein post som i utgangpunktet bør brukast minst mogleg. Ei av dei som mottar mest omsorgsløn, skal avslutte denne i løpet av 2. halvår 2014. (Ved klagehandsaming fekk klagar medhald i klageutvalet) Meirforbruk på ULOBA-tiltak. Vikarutgifter utover budsjett.
320- Legetenesta og rehabilitering	375.000	Overforbruk på grunn av ny avtale med Helse Førde på legevaktssentral med auka kostnad pr innbyggjar: Dette utgjer kr 375.000,- utover budsjettert ramme.

355-NAV		Resultatet på eininga vil som tidlegare år vere avhengige av utviklinga på økonomisk sosialhjelpområdet. Utbetalingane i 2013 var høgare enn forventa og situasjonen så langt i 2014 viser ein viss nedgang i utgiftene siste månadane samanlikna med 2013. Utgiftene til sosialhjelp har i fleire år vore høgare enn budsjett, men pga innsparing på andre område har eininga hatt budsjettbalanse dei seinare åra med unntak av 2013. Økonomisk sosialhjelp til personar som kommunen buset frå mottak ser ut til å vere aukande. Då eininga fekk overført dette området frå Norskssenteret, vart det sett av kr 1,6 millionar til dette. Utgiftene er vanskelege å påverke, og førebelse prognosar er at dette området vil bli 200-300 000 høgare enn budsjett. Slik prognosane ser ut no, kan det bli eit overforbruk men dersom utgiftene til sosialhjelp held fram med ei positiv utvikling, kan underskotet reduserast.
372-Heimetenesta	3.750.000	Så langt syner drifta eit overforbruk pr. august på ca. 3.000.000. På grunn av tenestevedtaka må eininga ha den bemanningsplanen vi har. Eg meiner det er grunn til å påpeike at budsjettet for 2013 ikkje var i samsvar med det behovet eininga melde frå om, det same gjeld rammene i 2014.

900-Finansielle formål	1.400.000	Førde kommune fekk ein folketalsvekst i 2013 på 1,0 %. Dette er i samsvar med det som var lagt til grunn for budsjett 2014. Likevel viser oppdatert prognose for rammetilskot og skatteinntekter 1,4 mill kr lågare enn budsjett. Dette har truleg med ulik vekst i ulike aldersgrupper som ikkje er i samsvar med det vi har lagt til grunn i budsjettet for 2014. I tillegg er skatteinntektene nedjustert i revidert nasjonalbudsjett. For Førde utgjer dette truleg 2,2 mil kr. I 2014. Revidert nasjonalbudsjett - auka rammetilskot på 493.000,- til Førde kommune som kompensasjon for tidlegare nedtrekk kontaktstøtte og foreldrebetaling. Må sjåast opp mot auka kostnad. Utviklinga i avkastning på plasserte midlar i 2014 var god første halvår. Etter sommaren har avkastninga stoppa opp. Truleg ein korreksjon i markedet. Det er lagt til grunn av vi kjem ut i samsvar med budsjettet.
	2.200.000	
	-409.000	Det er signalisert utbytte frå Ankerløkken eigedom i 2014. Førde kommune sin del av utbytte vil utgjere 409.000,-. Det er ikkje budsjettert med utbytte frå Ankerløkken Eigedom i 2014.
	-123.500	Førde kommune får utbetalt utbytte frå Firda billag på 123.500 kr i 2014. Det er ikkje budsjettert med utbytte frå Firda billag i 2014.
	1.000.000	Oppdaterte GKRS-beregninger for pensjon viser ein meirkostnad på 1,0 mill kr i høve budsjett.
	-3.000.000	Lågare flytande lånerente enn budsjettert. Budsjettert 2,75 % flytande rente. Reell flytande rente i 2014 utgjer ca 2,2 %. Anslag netto mindre rentekostnad til 3.000.000,-
	-300.000	Forhold er retta opp i rekneskapen for 2014 jf. utdrag frå revisjonsskriv i samband med årsrekneskapen for 2013.
MEIRFORBRUK	16.652.500	

Oppsummering

Meirforbruk i einingane	Varsla meirutgift	Årsak/ prognose
100 Rådmann	2.000.000	Samhandlingsreforma , lønsauke og husleige
140 Fagutvikling	1.060.000	Festekontrakt og klientsak
310 Helse og barn	3.000.000	
314 Kronborg ressurslag	1.200.000	
315 Bu- og miljøtenesta	4.500.000	
320 Legetenesta	375.000	
372 Heimetenesta	3.750.000	
SUM – drifta i einingane	15.885.000	
900 Finansielle føremål	767.500	Redusert skatteinntekter/rammetilskot, auka utbytte , lågare flytande rente og auka pensjonskostnad.
SUM – totalt	16.652.500	

Tabellen viser eit totalt meirforbruk på 16,6 mill kr i driftsbudsjettet til Førde kommune i 2014. Av dette utgjer meirforbruk innan helse og omsorg 12,8 mill kr.

Barnevernet er prioritert med 2 mill kr i økonomiplanen for 2015. Resterande meirforbruk innan helse og omsorg er utfordringar vi drar med oss inn i budsjettet for 2015.

Det er kalla inn til møter med heimetenesta, bu- og miljøtenesta, Kronborg ressurslag og helse og barn om driftssituasjonen i 2014.

Meirkostnad på ansvar 100 og 140 utgjer 3 mill kr og fell bort eller vert finansiert i budsjettet for 2015.

Det er viktig å understreke at om rekneskapsresultatet vert eit meirforbruk på 16,6 mill kr så vil strykingsbestemmelsane inntre og vi må stryke avsetning til fond. Det er i 2014 budsjettet med 12,6 mill kr i avsetning til disposisjonsfond som er nytta fullt ut til finansiering av investeringar i 2014. Strykingsbestemmelsane vil medføre at driftsrekneskapen vert avlagt med eit meirforbruk på 4,0 mill kr ved av avsetning til disposisjonsfond vert stroke. I investeringsrekneskapen vil dette medføre manglande finansiering på 12,6 mill kr ved årsavslutning for 2014.

Investeringsrekneskapen

Varsla meirforbruk i driftsrekneskapen medfører at vi manglar finansiering på 12,56 mill kr i investeringsrekneskapen. Dersom vi skal halde på prinsippet om å ikkje auke låneramma må vi nedjustere investeringsbudsjettet for 2015 med 12,56 mill kr.

Det vert elles vist til prosjektstyringsrapport som vert oppdatert kvart kvartal.

Rådmannen tilrår ingen endringar i investeringsbudsjettet.

Status innsparingstiltak

Status innsparing er ikkje endra sidan førre tertialrapport.

Tiltak - framlegg til innsparing- kva	Innsparing	B 2014	B 2015	B 2016	Totalt
Sum arbeidsgruppe 1 - Barnehage	2 500 000	-1 860 055	-639 945	0	-2 500 000
Innsparing midtskyss og badeskyss	500 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Sum arbeidsgruppe 2 - Skule	3 500 000	-3 000 000	0	0	-3 000 000
Førde Helsetun - avslutta 1 til 1 tiltak	1 460 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Tildeling - oppretting av tildelingskontor; reduksjon i nivå på tenesteutø.	2 450 000		-2 450 000		-2 450 000
Tildeing - avlastningstenester til barn og unge ytt av kommunen	800 000	Gjennomført; ikkje innsparing men red. meirforbruk			
Sum arbeidsgruppe 3 - Pleie og omsorg	9 127 000	-3 956 000	-2 909 000	0	-6 847 000
Sum arbeidsgruppe 4 - Helse	1 289 643	-616 443	-673 200	0	-1 289 643
FDV	3 090 000	-250 000	-1 420 000	-1 420 000	-3 090 000
Teknisk drift; asfaltering og styring av veg og gateløys	360 000	-280 000	-80 000		-360 000
Alle; videokonferansar, telefonløyning og redusere tal skrivarar	400 000	-125 000	-275 000		-400 000
Sum arbeidsgruppe 5 - Administrasjon, FDV, teknisk	6 033 000	-3 304 143	-1 775 000	-1 420 000	-6 499 143
Sum arbeidsgruppe 6 - SFO	200 000	-200 000	0	0	-200 000
Rehabilitering av ventilasjon i Førdehuset	130 000	-65 000	-65 000		-130 000
Felles lokalisering av resepsjon og bibliotek	180 000	-90 000	-90 000		-180 000
Oppgradering av uteleigerom	120 000	-90 000	-30 000		-120 000
Sum arbeidsgruppe 7 - Kultur	1 000 000	-815 000	-185 000	0	-1 000 000
Sum arbeidsgruppe 8 - Kronborg ressursbase/ Norsksenteret	100 000	-42 000	-58 000	0	-100 000
Sum arbeidsgruppe 9 Sektorovergripande tiltak	2 417 000	-2 317 000	0	0	-2 317 000
SUM TOTALT - BRUTTO	26 166 643	-16 110 641	-6 240 145	-1 420 000	-23 752 786
Auke rente og avdragskostnad knytt til investeringstiltak	1 518 667	1 549 773			1 549 773
Finansiering rådhusprosjektet	2 000 000	2 000 000			2 000 000
SUM TOTALT - INNSPARINGSKRAV 22 MILL KR	22 822 976	-12 560 868	-6 240 145	-1 420 000	-20 203 013

Tabellen over viser status på innsparingstiltak innanfor kvart område. Total netto innsparingskrav utgjør 22,8 mill kr.

3 tiltak er gjennomført utan innsparingseffekt men tiltak har redusert meirforbruk. Totalt utgjør desse tiltaka 2,76 mill kr.

I budsjettet for 2014 er det innarbeida innsparingstiltak på totalt 12,6 mill kr.

I budsjettet for 2015 er det forventa å innarbeide ytterlegare 6,2 mill kr i innsparingstiltak der dei største tiltak gjeld tildelingskontor og FDV (sentral driftsstyring).

På grunn av forsinka framdrift med sentral driftsstyring er resterande innsparing på 1,4 mill kr flytta til budsjettet for 2016.

Det totale nivået på innsparing er i 2014 nedjustert med 1,46 mill kr ettersom avslutta 1 til 1 tiltak på Helsetunet ikkje har innsparingseffekt med reduserer meirforbruket.

Når alle innsparingstiltak er gjennomført utgjør netto avsetjing til fond 20,2 mill kr.

Finansplasseringar pr. august 2014:

Det er budsjettert med ei avkastning på 8,473 mill kr (6,1 %) i 2014.

Pr. 31. august er det ei positiv avkastning på 7,5 mill kr (4,7 %). Dette er ein auke på 0,5 mill kr frå juli. Vi fekk ein mindre korleksjon i aksjemarkedet ved at avkastninga gjekk noko ned frå juni til juli. I august har både rente og aksjemarkedet hatt ein svak oppgang.

98,4 mill kr (59 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 3,3 % medan 60,9 mill kr (41 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 6,9 % pr. august 2014.

Det er uroleg i aksjemarkedet som kan medføre fall i verdi på midlar plassert i aksjar. Det er derfor stor usikkerheit kring kva avkastninga vert ved årsslutt.

Statusrapport finansinveste		Eining	Tid	Forvaltarar			Sum forvaltar	2013	2012
31.08.2014				DnB	Carnegie	ondsforval	31.08.2014		
Avkastning	Sum aktivaklassar:								
	Verdiauke tota	mkr	hittil i året	3,1	3,4	1,0	7,5	16,3	12,0
	Verdiauke tota	%	hittil i året	5,1	5,0	4,4	4,7	10,7	8,8
	Samanlikn.gru	%	hittil i året	4,9	4,4	5,0	4,8	11,1	7,2
	Pr aktivaklasse:								
	Rentepapir	%	hittil i året	4,5	3,2	2,3	3,3	4,3	6,4
	Aksjer	%	hittil i året	6,1	8,0	6,5	6,9	24,9	14,6
Inv.volum og r	Sum aktivaklassar:								
	Verdi totalt	mkr	perioodeslut	64,2	72,2	22,8	159,3	151,8	135,5
	Pr aktivaklasse:								
	Renter	%	perioodeslut	66,2	62,0	48,5	58,9	58,0	58,4
	Aksjer	%	perioodeslut	33,8	38,0	51,5	41,1	42,0	41,6
	Renter	mkr	perioodeslut	42,5	44,8	11,1	98,4	91,7	80,4
	Aksjer	mkr	perioodeslut	21,7	27,4	11,8	60,9	60,1	55,1

Gjeldsforvaltning

	Gjeld	Andel	Rente
Flytande rente	-787 782 501	59 %	2,34
Fast rente	-543 263 763	41 %	3,47
SUM	-1 331 046 264	100 %	2,80

Tabellen ovanfor viser gjeldsforvaltning pr. august 2014. Status er uendra frå førre tertialrapport.

Totalt gjeld utgjer 1,3 mrd kr fordelt med 59 % til flytande rente på 2,34 % og 41 % på fastrente til ei gjennomsnittleg rente på 3,47 %. Bindingstida på fastrentelåna er frå 1 til 2 år.

Sjukefråvær

	1. kvartal	2. kvartal	August
FØRDE KOMMUNE / SAMLA	9,85	8,63	5,63
<i>Sjukefråveret samla i same periode i 2013</i>	<i>9,76</i>	<i>6,95</i>	<i>5,04</i>
Tal einingar med sjukefråver over 10 %	16	13	9
<i>Tal einingar same periode i 2013</i>	<i>15</i>	<i>9</i>	<i>4</i>

Tabellen viser samla sjukefråvær i Førde kommune (legemeldt og eigenmeldingar). Pr. august er samla sjukefråvær 5,63 %. Tilsvarende i 2013 var på 5,04 % så det er normalt at det er lågt sjukefråvær i august.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr. 31.08.2014 vert teken til vitande.

Handsaming i Formannskapet 23.10.2014:

Samrøystes vedtak

FORM-067/14 Vedtak:

Tertialrapport pr. 31.08.2014 vert teken til vitande.

Handsaming i Bystyret 30.10.2014:

Samrøystes vedtak

BY-050/14 Vedtak:

Tertialrapport pr. 31.08.2014 vert teken til vitande

Førde, den 16.10.2014

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704

Dato: 28.11.2014

Vår referanse: 14/804

Arkiv: FE-007

**Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon
Frå Etikkonferansen 2014**

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

    Skriv ut  Tips

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikkonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 046/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-255	Arkivsaknr.: 14/341
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen orienterer om eigarmelding 2013-2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.12.2014	Førde kommune som eigar i selskap, eigarmelding 2013-2014	982

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek gjennomgang av eigarmelding 2013-2014 for Førde kommune til orientering.

.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet har oppfølging av selskapskontroll og forvaltningsrevisjon som eit punkt på si oppfølgingsliste. I møte 20.10.2014 vart det lagt fram e-post frå dagleg leiar i Forum for Kontroll og Tilsyn, om krav til selskapskontroll. Kontrollutvalet ba deretter om å få framlagt Førde kommune sin strategi for eigarskap i selskap på neste møte 8. desember.

Førde kommune si eigarmelding 2013-2014 vart handsama i Bystyret 26.9.2013, BY-042/13. Dette vedtaket vart lagt fram for kontrollutvalet i sak 026/13 Skriv og meldingar, SM 18-13, i møte 17.10.2013.

Etter samtale med leiar i kontrollutvalet, har SEKOM-sekretariat kontakta rådmann og ass. rådmann for å be dei om å ha ein gjennomgang av Førde kommune eigarmeldinga, for kontrollutvalet i møte 8. desember. Rådmannen har gitt tilbakemelding om at dei stiller.



Førde kommune



SYS – IKL

Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid
ASKVOLL – BALESTRAND – FJALER – FORDE – GAULAR
HYLLESTAD – HØYANGER – NAUSTDAL – JØLSTER

Førde kommune som eigar i selskap

Eigarmelding 2013 – 2014

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhald

Del I.....	3
GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI.....	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Bakgrunn for eigarmeldinga.....	4
1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Førde kommune	4
1.2.2 Anbefalingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)	5
1.3 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor	6
1.4 Omfanget av kommunalt eigarskap i Førde kommune	7
1.5 Eigarskapspolitikk.....	8
1.5.1 Vurderingar og val av selskapsform.....	8
1.5.2 Formål med kommunen sin eigarskap	8
1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter	8
1.5.4 Utbytte.....	9
1.5.5 Samfunnsansvar og etikk	9
1.5.6 Valkomit� for styreutnemning i selskap.....	9
1.5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet.....	9
1.5.7 Gjennomf�ring av eigarm�te	10
1.6 Ut�ving av kommunalt eigarskap	11
1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre	11
1.6.2 Obligatorisk oppl�ring av og informasjon til folkevalde	11
1.6.3 Registrering av styreverv.	12
1.6.4 Habileringsvurdering av styrerepresentantar	12
1.6.5 Tilsyn og kontroll	12
Del II	13
2.1 OMTALE AV KVART SELSKAP	13
2.1.1 Definisjon av nøkkeltal	13
2.1.2 Sunnfjord Energi AS	14
2.1.3 Førde Tomteselskap AS	16
2.1.4 Ankerl�kken Eigedom AS	17
2.1.5 R�dekorsbygget AS.....	19
2.1.6 Firda Produkt AS.....	20
2.1.7 SunnLab AS	22
2.1.8 Førde S�r AS.....	24
2.1.9 Eninvest AS.....	26
2.1.10 Sunnfjord N�ringsutvikling AS.....	28
2.1.11 Sogn og Fjordane Teater LL	30
2.1.12 Firda Billag AS.....	32
2.1.13 Sogn og Fjordane Bedriftsnettverk AS	34
2.1.14 F�rdepakken AS	36
2.1.15 Kystvegen M�l�y – Flor� AS.....	39
2.1.16 J�lster Skisenter AS	40
2.1.17 Sunnfjord Milj�verk IKS	41
2.1.18 Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	44
2.1.19 Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS	47
2.1.20 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	48
2.2 OMTALE AV KVAR STIFTING	49
2.2.1 Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	50
2.2.2 Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum.....	51
2.2.3 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	52

Del I

GENERELL DEL – EIGARSTRATEGI

1.1 Innleiing

Dette er den andre eigarmeldinga som vert lagt fram for Bystyret.
Den første eigarmeldinga var for åra 2011 – 2012.
Det vert no lagt fram eigarmelding for åra 2013 – 2014 etter same mal.
Eigarmeldinga vert rullert annan kvart år, der neste gong vert 2015.
Det er rådmannen som har ansvar for rullering av meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

1.2 Bakgrunn for eigarmeldinga

1.2.1 Vedteken eigarskapsstrategi for Førde kommune

Bystyret handsama spørsmålet om ein eigarstrategi for dei selskapa Førde kommune eig eller er medeigar i 25.10.2007, og gjorde slikt vedtak:

” Førde kommune startar arbeid med å utarbeide ein eigarskapsmelding/eigarskapsstrategi for dei selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Saka oversendast til komite for samfunn og byutvikling for vidare politisk handsaming.”

På bakgrunn av dette vedtok Bystyret i møte 27.03.2008 eigarskapsstrategi for selskap Førde kommune eig eller er medeigar i;

1. *Førde kommune skal utøve ein aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa gjennom representantane i dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, i samsvar med bystyret sine vedtak/føringar.*
2. *Utsendingane til dei operative eigarorgana, representantskap og generalforsamling, skal utøve kommunen sine interesser i selskapa. Denne utøvinga skal reflektere fleirtalet i Bystyret. Det vert etablert ei ordning der utsendingane drøftar eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Dersom det kjem opp saker som hastar så mykje at dei ikkje kan vente til neste bystyremøte, kan dei drøftast med Formannskapet. Denne ordninga gjeld berre dei største selskapa Førde kommune er eigar i, jfr. rådmannen si saksutgreiing datert 06.03.08*
3. *Medlemmar av Bystyret i Førde kommune kan vere medlem i styre eller bedriftsforsamling i selskap der kommunen er eigar. Ved vurdering av om representantane er ugilde til å drøfte saker som vedkjem selskapet i Bystyret, skal Forvaltningslova sine reglar om habilitet leggst til grunn.*
4. *Førde kommune skal vere tilbakehalden til å gå inn som eigar i nye selskap. Dersom dette er aktuelt skal det vurderast opp mot følgjande kriterie:*
 - *Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.*
 - *Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon*
 - *Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.*
5. *I selskap med næringsdrift bør Førde kommune stille krav om avkastning på investert kapital (utbytte).*
6. *Bystyret kan be om eigarskapsmeldingar når ein meiner det er naudsynt.*

1.2.2 Anbefalingar frå Kommunenes Sentralforbund (KS)

Det har vore ein jamn auke i tal selskap i kommune-Noreg og tal frå føretaksregisteret bekreftar at denne trenden fortsetter. Når kommunar i aukande grad nyttar utskilling av verksemdar i sjølvstendige rettssubjekt og føretak inneberer det at den politiske styringslinja endrar karakter. Den tradisjonelle forvaltningsstyringa erstattast av eigarstyring.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggjande for ein best mulig lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvensar for selskapa, deira disponeringar og deira marknadsposisjon. Samtidig vil eit aktivt eigarskap gje viktige signaleffektar ovanfor omverda og styrke omdøme til kommunane.

Kommunenes Sentralforbund (KS) har utarbeida [19 anbefalingar for aktivt eigarskap](#):

- Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
- Nr. 2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
- Nr 3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
- Nr 4 Vurderingar og val av selskapsform
- Nr. 5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
- Nr 6 Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunens interesser i selskap
- Nr 7 Samansetning og funksjon til eigarorgan
- Nr 8 Gjennomføring av eigarmøte
- Nr 9 Eigars krav til profesjonelle styrer i kommunal sektor
- Nr 10 Valkomit  for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
- Nr 11 Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra
- Nr 12 Styresamensetning i konsernmodell
- Nr 13 Oppnemning av vararepresentantar
- Nr 14 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra
- Nr 15 Kj nnsrepresentasjon i styra
- Nr 16 Godtg ring og registrering av styreverv
- Nr. 17 Arbeidsgjevartilh rle i sj lvstendige rettssubjekt
- Nr. 18 Utarbeiding av etiske retningslinjer
- Nr. 19 Administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak.

1.3 Selskaps- og føretaksformer for kommunal sektor

Det er i hovudsak tre moglegheiter som er aktuelle for kommunar ved utskilling av verksemd;

1. Eit *aksjeselskap* kan eigast av ein kommune åleine , saman med andre kommunar eller private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er generalforsamlinga.

2. Eit *interkommunalt selskap* etter lov om interkommunale selskap kan derimot bare eigast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapets forpliktingar. Selskapets øvste eigarorgan er representantskapet.

3. *Stiftingar*. Kommunar står og fritt til å etablere stiftingar (Stiftelsesloven av 2001). Opprettar (kommunen) står fritt til å fastsette formålet, og stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftingar har til forskjell frå selskap (IKS og AS), ingen eigarar. Verken opprettar eller andre kan med grunnlag i eighedsretten utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på del i stiftinga sitt overskot.

Følgjande organisasjonsformer fell utanfor eigarskapsmeldinga då desse er ein integrert del av kommunen;

1. *Kommunalt/fylkeskommunalt føretak etter kommuneloven kap 11*. Føretaket er ikkje ein egen juridisk person men del av kommunen/fylkeskommunen som rettssubjekt og kommunen hefter for føretakets forpliktelse.

2. *Interkommunale samarbeid/ styre etter kommunelovens § 27*. Kommunene står fritt til å samarbeide på ulike områder uten at det er overdratt beslutningsmyndighet eller representasjonskompetanse ved bruk av kommunelovens § 27.

Forvaltning			Fristilling
Konkurransesituasjon			
<i>Lavere</i>		<i>Høyere</i>	
<i>Kommuneloven</i>	Interkommunale selskap	Aksjeloven	Stiftelsesloven
Etat (§10) Institusjon (§11) Foretak (kap.11)	Interkommunalt selskap (IKS)	Aksjeselskap (AS)	Stiftelse
Verstkommune (§28) Samarbeid (§27)	Grunnstruktur: -Representantskap -Styre -Daglig leder	Grunnstruktur: -Generalforsamling -Styre -Daglig leder	Grunnstruktur: -Styre -Daglig leder
Grunnstruktur: -Kommunestyret -Formannskap/Utvalg -Rådmann	Eiere: Begrenset	Eiere: Begrenset	Ingen eiere
"Eiere": -Innbyggere -Næringsliv	Eiers ansvar: Ubegrenset	Eiers ansvar: Begrenset til innskutt kapital	
	Styrerepresentanter: Ubegrenset økonomisk og strafferettslig ansvar (solidarisk økonomisk ansvar) jfr akse,- IKS- og Stiftelsesloven		
Integrert del av kommunen	Selvstendig rettssubjekt		

1.4 Omfanget av kommunalt eigarskap i Førde kommune

Førde kommune har pr. juni 2013 eigarskap i 15 aksjeselskap, 3 interkommunale selskap og 1 forsikringsselskap. Av aksjeselskapa er eit (Førde Tomteselskap AS) heileigd av kommunen, dei andre er eigde anten i lag med kommunar eller privat, eller i ein kombinasjon av dette. Eigarprosenten varierer frå 44 % til 0,36 %.

SELSKAPETS NAMN	INVESTERT BELØP	EIGARANDEL
AKSJESELSKAP		
Sunnfjord Energi AS	44 373 119	22,19 %
Førde Tomteselskap AS	150 000	100,00 %
Ankerløkken eigedom AS	2 004 000	22,20 %
Rødekorsbygget AS	35 000	35,00 %
Firda Produkt AS	102 000	20,40 %
Sunnlab AS	64 926	10,00 %
Førde Sør AS	240 000	25,26 %
Eninvest AS	66 000	0,36 %
Sunnfjord Næringsutvikling AS	58 054	13,50 %
Sogn og Fjordane teater LL	20 000	20,00 %
Firda Billag AS	1 236 000	12,36 %
Bedriftsnettverket Sogn og Fjordane AS	200 000	14,81 %
Førdepakken AS	448 800	44,00 %
Kystvegen Måløy - Florø AS	100 000	12,20 %
Jølster Skisenter AS	10 000	0,41 %
INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)		
Sunnfjord Miljøverk (IKS)	40 100	40,13 %
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS		10,49 %
Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS		11,11 %
FORSIKRINGSELSKAP		
Eigenkapitalinnskott KLP	10 855 829	
Sum	60 003 828	

Kommunen er medstiftar i 3 stiftingar. Desse er:

- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si ev. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen vel styremedlem i stiftingane.

1.5 Eigarskapspolitikk

1.5.1 Vurderinger og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikre ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadsmessige forhold og konkurranseregelverket. Skil selskapet ta risiko og operere i ein marknad bør det etablerast eit selskap med avgrensa ansvar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigen regi kan både interkommunale selskap og føretak vere hensiktsmessige former. Stiftingar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

Det vert anbefalt at selskap ved utskilling av verksemd til sjølvstendig rettssubjekt søker medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon for ivaretaking av tilsette.

1.5.2 Formål med kommunen sin eigarskap

Ein eller fleire av dei fem kategoriane nedanfor bør leggst til grunn for utforming av mål og motiv for dei selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert (sikre at investert kapital oppnår høgast mogeleg avkastning over tid)
- Politisk motivert (t.d. behalde og vidareutvikle arbeidsplassar, fødselshjelpar ved etablering som ikkje vil kome opp å gå utan kommunal støtte)
- Effektivisering av tenesteproduksjon (t.d. renovasjon)
- Samfunnsøkonomisk motivert (t.d. sikre god infrastruktur)
- Regionalpolitisk posisjonering

Sal bør særleg vurderast i tilfelle der formålet med selskapet er blitt endra.

Førde kommune skal i framtida vere tilbakehalden med å gå inn som eigar i selskap/stiftingar. Kommunalt eigarskap og rolla som medstiftar skal vurderast opp mot følgjande kriterium:

- Kommunen bør ikkje gå inn i selskap som har reine forretningsmessige mål.
- Engasjement i selskapa bør ha ein samfunnsmessig funksjon
- Kommunen kan organisere deler av den kommunale/interkommunale aktiviteten som selskap dersom dette er føremålstenleg og i samsvar med aktuelle strategiar.

1.5.3 Selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Selskapet si verksemd skal tydeleggjerast i vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor ramma av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar for si verksemd. Eigarane skal ha et bevisst forhold til ein eventuell forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad skal prinsippa for ein eventuell utbyttepolitikk klargjerast og deretter fremmast for eigarorganet gjennom selskapsavtalen/vedtektene. Langsiktigheit og samfunnsansvar bør leggst til grunn for det kommunale eigarskapet. Føremålet i selskapsavtale/vedtekter bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

1.5.4 Utbytte

I selskap med næringsdrift bør kommunen, som hovudregel, stille krav om utbytte frå dei selskapa kommunen er medeigar i. For tida er det Sunnfjord Energi og Ankerløkken Eigedom som gjev utbytte til kommunen.

1.5.5 Samfunnsansvar og etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltninga skal skje på ein måte som samsvarar med befolkninga sin oppfatning om rett og galt og handlar om demokratisk legitimitet. Omdøme til kommunen vil avhenge av korleis ein forvaltar sitt samfunnsansvar gjennom sine selskap. Det finst ikkje eit felles fasitsvar på kva samfunnsansvarleg forretningsdrift er. Dette må definerast av det enkelte selskap.

Etikk er ein viktig del av dei vurderingar som skal gjerast for å drive eit selskap samfunnsansvarleg fordi dei etiske holdningane legger grunnlag for korleis man faktisk handlar. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeidast i kvart selskap. Eit diskusjon om etiske retningslinjer vil ha utgangspunkt i selskapet sine økonomi, miljø og dei sosiale forhold knyta til verksemda. Retningslinjene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

1.5.6 Valkomit  for styreutnemning i selskap

Ved val av styre til selskap organisert etter aksjeloven og lov om interkommunale selskap bør det vedtektsfestes bruk av valkomit  kor formålet er å sikre samansetting av styre med komplement r kompetanse og i tr d med eigars form l med selskapet. Leiar av representantskapet/ generalforsamling vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarkommunar bør valkomiteen samansettast for   speile eigardelar. Fleirtalet av valkomiteen bør v re uavhengige av styret og tilsette. Valkomiteens innstilling bør grunnjevast. Valperioden kan vedtektsfestes men likevel vere fleksibel i forhold til eigar sine behov for kompetanse.

1.5.7 Styret – ansvar, habilitet og lojalitet

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap ligg til styret. Det er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at styret har det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet. Styret skal ogs  føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapen i eit IKS er selskapet sitt  vste organ, men dei deltek ikkje i forvaltninga av selskapet. Dei har rolla som s kalla operative eigarorgan.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med formålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer den visjonen som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast. Styret skal vere ein støttespelar for leiinga i selskapet, og det skal samstundes følgje opp, evaluere og kontrollere leiinga.

Styret skal sørge for at det som kollegium er kompetent og profesjonelt i utøvinga av oppgåvene sine. Dette inneber at styret greier å skilje rollar og unngå rolleblanding. Dette er særleg viktig i offentleg eigde selskap sidan her er mange ulike interessentar med sine spesielle krav og forventningar.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Ein styremedlem representerer seg sjølv og ikkje eigarane. Han skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Det er den enkelte styremedlem sitt ansvar å drive godt styrearbeid, og dette er ikkje ut frå funksjonen som folkevald, men som den personleg ansvarlege personen som styremedlemen er. Ein aktiv eigarskap betyr også at ein styremedlem kan skiftast ut dersom eigaren meiner han ikkje fremjar eigarane sine interesser på ein god måte.

Det er opp til kvart enkelt eigarorgan (representantskap/generalforsamling) å avgjere kva type kompetanse eit styre skal ha. I utgangspunktet anbefalast det å unngå situasjonar der styrets medlemmer jamnleg blir vurdert i forhold til forvaltningslovens regler om habilitet og derfor kritisk vurderer bruken av *leiande politikarar* i selskapsstyra. Det anbefalast at styra etablerer faste rutinar for å handtere mulige habilitetskonfliktar.

1.5.7 Gjennomføring av eigarmøte

Dei formelle eigarmøta er anten generalforsamling eller representantskap, men det kan også kallast inn til eigarmøte i tillegg til desse.

Styret bør legge til rette for at flest mulig av eigarorganets medlemmer kan delta i generalforsamling/representantskapet og at dette blir ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret. Dette kan gjerast ved å følgje lovens regler om innkalling, at saksdokumenta er utførlige nok til å ta stilling til sakene, at eigarane som ikkje kan møte skal kunne stemme ved bruk av fullmakt (gjeld ikkje interkommunale selskap), at styret, revisjon og valkomité er tilstede samt rutinar for at eigarorganet vel møteleiing.

1.6 Utøving av kommunalt eigarskap

1.6.1 Val av utsending til generalforsamling og val av styre

For aksjeselskap og interkommunale selskap vert det anbefalt at kommunestyret oppnemnar politisk leiing som selskapets eigarrepresentantar i eigarorganet. Eigarutøvinga skal speile kommunestyrets samla/ fleirtalsvedtak. Det er sentralt at det vert oppretta ein føreseieleg og klar kommunikasjon mellom eigarorgan og kommunestyre i forkant av generalforsamling/ representantskapsmøte.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret vert samansett og gjeve dei nødvendige styringsrammer for å utøve sitt virke som eit profesjonelt organ. Eit profesjonelt styre som kollegium består av personar med eigna personlege eigenskapar som utfyller kvarandre kompetansemessig.

Der ikkje andre er valde av Bystyret, representerer ordføraren eller den han gjev fullmakt Førde kommune i generalforsamlingar og representantskap. Det er utsendingane til generalforsamling/representantskap si oppgåve å utøve kommunen sine interesser i samsvar med fleirtalet i Bystyret. Det bør derfor etablerast ei ordning der utsendingane drøftar slike saker/eigarpolitikken med Bystyret når det er naudsynt og minst ein gong i valperioden. Hastesaker kan drøftast med Formannskapet. Denne ordninga bør som hovudregel berre gjelde dei store selskapa Førde kommune er eigar i:

- Sunnfjord Energi
- Firda Billag
- Sunnfjord Miljøverk
- Ankerløkken Eigedom

Ofte er tidsfristane korte i slike saker. Orienteringane kan derfor også måtte skje i etterkant av generalforsamlinga/ representantskapen. Orienteringa kan skje ved munnleg orientering eller som ei melding til Bystyret.

Der det vert utpeika vara til styre bør ordninga med numerisk vara nyttast for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret. Lovverket gjev moglegheit for å utpeke enten personlige eller numeriske vara. Anbefalinga om numerisk vara er gitt ut i frå behovet for kontinuitet og kompetanse. Det vert og anbefalt at 1. vara blir invitert til styremøta for på den måten å sikre best mulig kompetanse og kontinuitet.

1.6.2 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

Førde kommune bør som en del av folkevaldopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta knytt til eigarstyring av utskilt verksemd. Den første opplæringa bør gjennomførast i løpet av de første 6 månadane av valperioden og seinare med oppfølging etter 2 år. Det vert anbefalt at kommunestyret etter gjennomføring av generalforsamling, får førelagt ei oversikt over status for selskapa.

1.6.3 Registrering av styreverk.

Alle som tek på seg styreverk for kommunale selskap skal registrere verva på www.styreverkregisteret.no

1.6.4 Habiliteringsvurdering av styrerepresentantar

Ein Bystyrerepresentant som er styremedlem i ei verksemd (IKS og AS) vil hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «part» i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 første ledd.

Inhabilitet gjeld ikkje ved behandling av overordna saker som årsbudsjett, økonomiplan, og kommuneplan fordi ingen er «part».

I tillegg til direkte inhabilitet kan det oppstå avleia inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd når det er «andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til upartiskheit». Her må kvart tilfelle vurderast særskilt. Bystyremedlem bør avklare habilitetsspørsmål i forkant ved hjelp av ein juridisk vurdering frå administrasjonen.

For meir informasjon sjå [retteleiar om habilitet frå Kommunal og regionaldepartementet](#).

Etter rådmannen sitt syn bør prinsippet om aktivt eigarskap via generalforsamling og representantskap og prinsippa om styremedlemmane sine rettar og plikter, i større grad føre til at Førde kommune vel profesjonelle styremedlemmar. Med profesjonelle styremedlemmar meiner eg her styremedlemmer som har kompetanse som gjer at ein får eit samla styre som på best mogeleg måte kan i vareta selskapet i tråd med eigaren sitt formål med selskapet. For å oppnå dette tilrår KS at det i større grad vert nytta valkomitear når ein skal setje i saman styre i aksjeselskap og interkommunale selskap.

1.6.5 Tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevast og at etiske omsyn vert ivareteke. Kontrollen vert utført blant anna gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet er delegert denne funksjonen frå kommunestyret og har derfor en spesielt viktig rolle i eigarstyringa.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal det særleg leggjast vekt på at kommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøvar kommunen sine eigarinteresser i samsvar med Bystyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med selskapslovgivinga.

Kommunen skal derfor utøve eit aktivt eigarskap gjennom å formulerer klare forventningar/krav til selskapa og ved å utøve tilstrekkeleg kontroll. Dette vert gjort gjennom gode rutinar for eigardialog med selskapa.

Del II

2.1 OMTALE AV KVART SELSKAP

Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i selskapa sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2012 samt protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte.

Meldinga omhandlar alle dei 18 selskapa som framgår av oversikta på side 7. I tillegg kjem ein kort omtale om kommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse.

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om framleis eigarskap eller sal av aksjane.

Etter aksjelova kap III kan aksjar overdragast dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekter eller aksjonæravtale. Overdraging krev samtykke frå styret med mindre vedtektene seier at samtykke ikkje vert kravd. Styret kan berre nekte å gi samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn. Det kan i vedtektene fastsetjast nærare vilkår for å nekte samtykke.

2.1.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet sin økonomiske utvikling har vi brukt 4 nøkkeltal som seier noko om utvikling i lønnsemd a) og b), likviditet c) og soliditet d). Nedanfor følgjer definisjon av nøkkeltala.

a) *Totalrentabilitet*: $(\text{resultat før skatt} + \text{finanskostnader}) / \text{gjennomsnittleg totalkapital}$

Totalrentabilitet viser avkastning på totalkapitalen (lønnsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år.

b) *Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld*: $(\text{resultat før skatt} + \text{avskivingar}) / \text{langsiktig gjeld}$

Sjølvsfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene gjeld.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: $(\text{omløpsmidlar} - \text{kortsiktig gjeld}) / \text{driftsinntekter}$.

Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet.

d) *Eigenkapitalprosent*: $\text{Eigenkapital} / \text{totalkapital}$.

Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet.

2.1.2 Sunnfjord Energi AS

Adresse: Firdavegen 5, Postboks 123, 6801 FØRDE
Tlf.nr: 57 72 23 00
Epost: firmapost@sunnfjordenergi.no

Styret:

- Styremedlemar; Aud Marit Hage, Jan Halvor Storkås, Siv Karin Hestad, Arild Horsevik, Nils Gjerland og Mass-Kjell Myklebust
- leiar og nestleiar; Harry Mowatt og Atle Neteland

Styregodtgjersle m.v. 2012:

- godtgjersle til styremedlemar morselskap, kr 280.000 samla
- godtgjersle til styremedlemar konsern, kr. 396.000 samla
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling, ingen
- løn til dagleg leiar, kr 1.276.000 + kr. 110.00 i anna godtgjersle

Revisor:

- kr. 114.000 for revisjon og kr. 169.000 anna godtgjersle morselskap
- kr. 199.000 for revisjon og kr. 223.00 anna godtgjersle konsern

Kommunal eigardel:

- eigarprosent og pålydande verdi, Førde Kommune eig 22,19 % av aksjane i selskapet, 67.232 aksjar pålydande NOK 660.

Kommunalt lån eller garanti:

- ingen

Verksemd:

Verksemda sitt formål: (utklipp frå vedtektene) *Sunnfjord Energi AS har som føremål å syte for produksjon, overføring og omsetning av energi, og stå for utbygging av naudsynte anlegg i samband med dette. Selskapet skal arbeide for ei sikker og økonomisk rasjonell energiforsyning i eigarkommunane.*

Verksemda kan og drivast i samarbeid med eller deltaking i andre føretak med same eller liknande føremål.

- Kjerneverksemd: nettdrift og produksjon av vasskraft
- Organisering: vertikalintegrrert energikonsern med dotterselskapa Kjøsnesfjorden Kraftverk AS (78,5 %), Fossheim Energiverk AS (60 %) og Eninvest AS (50,88 %).
- Lokalisering, hovudkontor i Førde, basar på Skei, Sande, Dale, Hyllestad, Høyanger og Hardbakke.
- Sysselsetting: 124 tilsette utførde 113 årsverk i 2012.

Viktige hendingar i 2012:

Sunnfjord Energi fekk konsesjon for ny 132 KV-linje Erdal - Førde og ny linje mellom Hålandsfoss og Lutelandet.

Lutelandet Energipark fekk konsesjon for byggjing og drift av vindpark.

Hausten 2012 var det kickoff for innsparingsprogram i Sunnfjord Energi. Målsetninga er årleg reduksjon på 8 mill. kr. i reduserte driftskostnader og / eller auka inntekter.

Økonomisk utvikling Sunnfjord Energi konsern:

(1000 kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	492 614	410 207	329 696
Resultat etter skatt (overskot)	76 418	29 774	9 124
Totalkapitalrentabilitet	9,0 %	6,6 %	4,2 %
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	10,5 %	3,1 %	0,9 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	9,1 %	5,4 %	4,4 %
Eigenkapitalprosent	30,0 %	30,1 %	30,9 %

Økonomisk utvikling Sunnfjord Energi AS:

(1000 kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	410065	322332	280918
Resultat etter skatt (overskot)	51530	31268	21926
Totalkapitalrentabilitet	10,5 %	6,5 %	4,6 %
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	7,4 %	10,7 %	6,7 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	2,7 %	-0,1 %	0,1 %
Eigenkapitalprosent	49,5 %	47,8 %	50,0 %

Kommentar til nøkkeltala:

- konsernomsetninga viser ein negativ trend både i 2011 og 2012. Dette skuldast i hovudsak lågare kraftprisar.
- Utbytte til Førde Kommune i 2010 og 2011 var 5,77 mill. kr. i kvart av dei 2 åra. I 2012 blei utbytte halvert til kr. 2,88 mill. kr.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra:

Aktuelle investeringsprosjekt er Jølstra kraftverk som skal utnytte ein større del av fallet i Jølstra. Det er levert melding til NVE om ny kraftstasjon i Jølstra. Det er også planlagt oppgradering og modernisering av dei eldste kraftverka.

Fjernvarme i Førde er eit prosjekt som har fått konsesjon og som er under utgreiing. Termisk varme frå sjøvatn er tenkt utnytta til oppvarming og kjøling av større bygningar i Førde sentrum.

Sunnfjord Energi er også medeigar i vindkraftselskapa Vestavind Kraft AS, Vestavind Offshore AS og Sula Kraft AS.

Nettselskapet jobbar kontinuerleg med opprusting av nettet for å betre leveringstryggleik og for å ta imot meir produksjon frå småkraft.

Sunnfjord Energi er største eigar i Eninvest AS som tilbyr breiband-løysingar i heile Sogn og Fjordane. Sunnfjord Energi investerer i fiber som i neste omgang blir utleigd til Eninvest og andre kundar.

Sjølvs om berre ein del av planane blir realisert, er kapitalbehov i samband med planlagde investeringar stort dei komande åra. Konsernet si gjeld inkl. plikter og kortsiktig gjeld har passert 1,3 milliardar kroner. Langsiktig lånegjeld utgjer 976 mill. kr. Datterselskapet Kjøsnesfjorden Kraftverk AS står for ein stor del av konsernet si gjeld.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Eit viktig mål for kommunen er å bidra til å utvikle Sunnfjord Energi som ein konkurransedyktig og lønsam aktør i energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje kommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.

Selskapet er eit viktig instrument for å auke satsing innan fornybar energi i fylket.

Tilråding: Aksjepost med betydeleg avkastningspotensiale. Vidareføre eigarskapen.

2.1.3 Førde Tomteselskap AS

Adresse: Hafstadvegen 21, 6800 FØRDE
Tlfnr: 57722090
E-post: tomteselskapet@forde.kommune.no

Styret

Styreleiar: Hans Bjarte Bruland
Nestleiar: Turid Vallestad
Styremedlem: Jan Taule

Styregodtgjersler m.v.

Styrehonorar vart utbetalt med kr 23.000 i 2011.
Dagleg leiar var i 2009 lønna med kr 799.000

Revisor

Deloitte

Kommunal eigardel:

Eigarprosent: 100 Aksjekapital: 150.000.

Kommunalt lån eller garanti

Aksjeeigar har stilt sikkerheit for gjelda.

Verksemda

Pågåande prosjekt:

- Farsund byggefelt
- Brulandsvellene
- Hafstad bydel

Bystyret slutta seg i april 2013 til å vidareføre Førde Tomteselskap som eit heileigd selskap eigd av Førde kommune. Bakgrunnen for saka var at selskapet stod framfor eit vegval ettersom dagleg leiar går av med pensjon.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2009	2010	2011
Sum driftsinntekter	902	1038	1143
Driftsresultat	-206	-93	68
Sum eigedelar	14426	14304	14745
Eigenkapitalandel i %	25,9	25,8	26,3

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde Tomteselskap er ein viktig aktør for utbygging- og utviklingsprosjekt i Førde kommune.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen og styrking av selskapet økonomisk ved behov

2.1.4 Ankerløkken Eigedom AS

Adresse: Ytre øyrane, postboks 292
Tlf nr: 91192610
E-post: toopseth@online.no

Styret
Styreleiar: Vidar Grønnevik
Styremedlem: Leif Arne Åsen
D.S. Magne Hafstad
D.S. Helge Robert Midtbø

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar kr. 25.000,-
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling kr. 0,-
- Løn til dagleg leiar kr. 0,- (Etter avtale og rekning frå Opseth Eigedom AS)

Revisor Deloitte AS

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 11,11 Tal aksjar: 2000 Samla pålydande verdi: kr. 1.000,-

Kommunalt lån eller garanti Nei.

Verksemd/kjerneverksemd.

Selskapet har som formål å eige og utvikle eigedomen Gbnr. 21/305 på ein måte som sikrar høgast mogeleg avkastning for aksjonærane.

Lokalisering

Forretningskontor i Førde kommune

Sysselsetting

Har pr. dato ikkje tilsette.

Viktige hendingar i 2012

Leigeavtale inngått og sett i verk med Hellenes Yard AS

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	6.006.000	3.865.176	4.076.838
Resultat etter skatt, (overskot)	2.756.969	821.130	1.328.688
Totalkapitalrentabilitet	13,01	7,06	7,57
Eigenkapitalandel %	47,9	53,7	58,0

Kommentar til nøkkeltala

Utbytte til kommunen i 2010, 2011. Styret tilrår å betale ut eit samla utbytte på 4,5 mill kr basert på rekneskapen for 2012.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Det er starta opp reguleringsarbeid for eigedomen.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Ankerløkken eigedom eig eit viktig industri og næringsareal i Førde kommune.

Spennande utvikling og at Førde kommune bør vere med å støtte opp om.

Representerar store verdiar for oss.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.5 Rødekorsbygget AS

Adresse: Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Tlfnr: 57822666
E-post:

Styret

Styreleiar; Rolf Natvik
Nestleiar; Johan Betten
Styremedlem; Asbjørn Inge Steen, Roy Inge Råheim, Sissel Viddal Laache

Styregodtgjersle m.v.

Revisor

Deloitte

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 35 Aksjekapital: kr 35.000.

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemda

Rødekorsbygget AS er eit eigedomsselskap i Førde med leigetakarar hovudsakleg frå offentleg sektor og frivillige organisasjonar.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2009	2010	2011
Sum driftsinntekter	3551	3506	3857
Driftsresultat	-345	950	-1095
Sum egedelar	8776	9134	7422
Eigenkapitalandel i %	70,7 %	73,2 %	72,5 %

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune har fram til no leigd store delar av bygget, men helsestasjon og barnevern flyttar når nytt rådhus står ferdig i september 2013. Legesenteret har behov for utviding. Truleg vert det gjennomført anbudsprosess for lokale til legesenteret.

Eigedsforvaltning er ikkje ei primæroppgåve for Førde kommune. For å utvikle Rødekorsbygget vidare er det ikkje gunstig for å Førde kommune å sitje som mindretalseigar. Vi bør derfor vurdere å selje oss ut eller kjøpe ut Førde Røde Kors.

Tilråding: Vurdere å selje oss ut eller kjøpe ut Førde Røde Kors.

2.1.6 Firda Produkt AS

Adresse: Øyrane 2, 6800 FØRDE
Tlfnr: 57 83 36 02
Epost: post@firda-produkt.no

Styret

Styreleiar: Bjørn-Harald Haugsvær
Nestleiar: Olaug Hukset Runde Salmøy
Styremedlemar; Linda J Ness Rotihaug, Mari Constanse Jakobsen, Normann Aarseth

Styregodtgjersle m.v.

- godtgjersle til styremedlemar: samla styrehonorar utgjorde 97.400 kr i 2012
- godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: Ingen godtgjersle
- løn til dagleg leiar: kr. 583.000

Revisor

PricewaterhouseCoopers

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 20,4 Aksjekapital: kr. 102.000,-

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd

«Formålet med selskapet er å drive attføringstenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer til slik verksemd».

Firda Produkt si oppgåve er å hjelpe arbeidssøkjargar til å skaffe seg arbeid eller å få seg utdanning.

Organisering

Firda Produkt har totalt 33 tilsette. Administrasjonen inklusivt attføringspersonale utgjør 12 tilsette. Dette utgjorde 11,4 årsverk. 21 deltakarar har heilt eller delvis løn og blir definerte i AML som arbeidstakarar. Dette er 13 på VTA, 2 på TIA og 6 i KIA.

Lokalisering: Øyrane 2, 6800 Førde

Viktige hendingar i 2012

2012 vart eit historisk godt år med auka aktivitet på alle nivå og eit solid overskot. Vi er komne langt i omstillingsarbeidet og står godt rusta for det vidare arbeidet.

Fleire har fått tilbod om arbeidstrening og vi har auka talet på lærekandidatar. 50 personar fekk seg jobb/ eigen finansiert utdanning etter avslutning. Dette er 21 meir enn i fjor. Endra tiltaksstruktur gjer at tenestene er meir tilgjengelege i heile distriktet. Over 60 % av deltakarane er i ekstern kvalifisering (arbeidstrening i ordinære bedrifter). Omstillingsarbeidet i 2011 og 2012 har gått det forventa resultatet. Vi har greidd å tilpasse oss dei krava vår hovudkunde NAV har stilt til oss.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	12422	11933	13233
Resultat etter skatt (overskot)	377	971	2113
Eigenkapitalprosent	64 %	74 %	82 %

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Vi hadde det 8. beste formidlingsresultat i Norge i arbeid/utdanning i «oppfølging». Vi er likevel ikkje nøgde formidlingstiltaka totalt i 2012 og forbetring av dette blir ei viktig oppgåve i 2013.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune ynskjer å støtte opp mot selskapet si verksemd.

Samfunnsmessige omsyn og endringar i rammevilkår gjer at det er viktig for Førde kommune å vere aktiv inn i selskapet.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.7 SunnLab AS

Adresse: Holtemyrane 6, 6814 Førde
Tlf nr: 57 72 39 50
E-post: post@sunnlab.no

Styret

Wilhelm Edvard Sandal (leiar), Johannes Lundekvam, Anne-Berit Garnes, Torleif Standal og Wenche Ness Gabrielsen

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar
Dokumentert tapt arbeidsforteneste inntil kr. 1710 pr. dag
Udokumentert tapt arbeidsforteneste inntil kr. 1142 pr. dag
Møtegodtgjersle pr. dag, kr. 1142
Årleg honnorar til styreleiar: kr. 20 480
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling
Kr. 8500
- Løn til dagleg leiar (2012: kr 420 000)

Revisor

SunnLab AS vedtok på generalforsamling i 2012 fravalg av revisor.
(Bruker Rekneskapsteneste AS, Økonor som regnskapsfører)

Kommunal eigardel

Eigarprosent:	Tal aksjar:	Samla pålydande verdi:
10	100	kr 167 000

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Verksemda sitt formål er å analysere drikkevatt til kommunar og privatpersonar, samt næringsmiddel

Organisering

SunnLab AS er eigd av 10 kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn: Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Høyanger, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund

Lokalisering

Hovudkontor Avdelingskontor

SunnLab AS held til i leigde lokale i Nortura Førde sitt anlegg på Reset like sør om Førde sentrum. Lokala er gode og tenelege til vårt bruk.

Sysselsetting

2,8 årsverk

Viktige hendingar i 2012

Ny dagleg leiar

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	2904	3332	3416
Resultat etter skatt, (overskot)	124	295	400

Kommentar til nøkkeltala

Utbytte til kommunen i 2010, 2011 og 2012...
(ikkje relevant for SunnLab AS)

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Vi ser for oss å auke oppdragmengda.

SunnLab AS driv også og moderniserar seg, noko som vil gje raskara anslysar og svar ut til kunden.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Selskapet bidrar med nødvendige oppgåver og kompetanse for kommunane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.8 Førde Sør AS

Adresse: Førde Sør AS
v/Johan Magerøy
c/o Mentor AS, Pb 200
6801 Førde
Tlf nr: Styreleiar Johan Magerøy har telefon nr. 91 81 95 45
E-post: Styreleiar har e-postadresse johan.mageroy@mentor.no

Styret

Styremedlemer	Terje Grønfur Anders Ola Sunnarvik Bjørnar R. Karlsen Arle Hjelmeland Johan Magerøy
Styreleiar	Johan Magerøy

Styregodtgjersle m.v.

Godtgjersle til styremedlemer
Styreleiar: kr 70.000,- årleg
Styremedlemene elles: kr 15.000,- årleg per medlem
Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: kr 0,-
Løn til dagleg leiar: Styreleiar er dagleg leiar, og
styrehonoraret kompenserer begge funksjonar.

Revisor Deloitte AS v/Leif Kilnes

Kommunal eigardel

Eigarprosent 25,79 % av stemmene.
pålydande verdi Førde kommune har 49 aksjar a kr 5.000,-, dvs samla pålydande kr 245.000,-.

Kommunalt lån eller garanti Nei

Verksemd

Verksemda sitt formål	Selskapet har som formål å bidra til å utvikle sentrum sør. Selskapet skal arbeide med fellestiltak som aukar eigedommane sine verdiar/leigeverdiane. Selskapet skal ha som oppgåve å opparbeide, forvalte og omsetje parkeringsplassar, parkeringshus og annan fast eigedom i Førde.
Kjerneverksemd	Har fokus på fellestiltak som er viktige for sentrum sør og for byen, t.d. kva som skal vere framtidige vegløysingar i Førde.
Organisering	Aksjeselskap utan tilsette, der oppgåvene blir fordelte mellom styremedlemene.
Lokalisering	Selskapet har forretningsadresse i Førde
Syssetsetting	Ingen tilsette

Viktige hendingar i 2012

- Prosessen i samband med oppføring av nytt rådhus. Førde Sør AS (FS) deltok i 2012 i jamlege møte mellom byggherre, entreprenør og ”naboane”.
- FS kartla aksjonærane/grunneigarane i sentrum sør sine haldningar til innføring av parkeringsavgift i sentrum og presenterte oppsummeringa på generalforsamlinga i 2012.
- FS teikna aksjar ved skipinga av Førdepakken AS. ‘
- Hafstadkleiva offisielt opna. FS har betalt for eitt trinn, men har ikkje hatt pådrivarrolle her.
- FS lanserte for kommunen og grunneigarane skisse til leikepark i sentrum sør.

Etter årsskiftet:

- FS har i 2013 tatt initiativ for å få meir liv i sentrumsforeininga Sentrum Sør.

Økonomisk utvikling

(1000 kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	410	450	383
Resultat etter skatt (overskot)	104	26	53
Totalkapitalrentabilitet (mot gj.snitt tot.kap)	12,1 %	2,7 %	5,2 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	209 %	197 %	240 %
Eigenkapitalprosent	90,3 %	89,3 %	87,5 %

Selskapet har ikkje langsiktig gjeld.

Kommentar til nøkkeltala

Førde Sør AS har god orden på økonomien og har av den grunn etter 2011 redusert storleiken på driftstilskot frå eigarane.

Utbytte til kommunen i 2010, 2011 og 2012

Det er ikkje utbetalt utbytte for desse åra.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Førde Sør AS har ein omfattande handlingsplan for åra 2013 – 2018. I 2013 er vi mellom anna opptatt av å gi innspel til framtidige vegløysingar i Førde sentrum. Vidare vil vi fokusere på tiltak internt i sentrum sør som kan gjere området meir attraktivt.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune ser det som viktig å støtte opp mot verksemda sitt formål.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.9 Enivest AS

Adresse: Postboks 123, 6801 Førde
Tlf nr: 57 00 91 00
E-post: kundeservice@enivest.no

Styret

Styreleiar: Fredrik Henrik Behrens
Styremedlemar; Bjarne Skaar, Torild Skogsholm, Asgeir Aase, Ingvild Ragna Myhre, Torbjørn Os (tilsetterepr.), Svein Olav Lien (fast vararepr.)

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar: Styremedlem som ikkje representerer eigarar vert honorert med Kr. 80.000,- pr år i styrehonorar. Fast vara vert honorert med kr. 60.000,- pr år.
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling, Kr. 0,-
- Løn til dagleg leiar, kr 1.127.073

Revisor

Deloitte AS, v/Rune Norstrand Olsen

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 0,36 %, tal aksjar: 66 à Kr. 1.000,- og samla pålydande verdi Kr. 66.000,-

Kommunalt lån eller garanti


Nei.

Verksemd/kjerneverksemd

Verksemda sitt formål er, på forretningsmessig basis, å opprette og tilby framtidsretta kommunikasjonstenester og tenester knytt til denne typen nett, her medrekna deltaking i og kjøp/sal av andre verksemdar med liknande formål. Verksemda kan også engasjere seg i andre forretningsområde og verksemdar når dette er eigna til å styrkje hovudforretningsområdet, eller føre til meir rasjonell utnytting av verksemda sine ressursar.

Organisering

Organisasjonskart



Lokalisering

Hovudkontor i Førde og avdelingskontor på Sandane

Sysselsetting

2012: 38 tilsette

Viktige hendingar i 2012

Enivest har i 2012 halde fram den gode veksten frå tidlegare år, og har auka omsetnaden med ca 21 % samanlikna med 2011. Også i 2012 skuldast veksten Enivest si bevisste satsing på utbygging av fiber til heimen samtidig som ein heile tida vidareutviklar tilbodet til DSL.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	61.492	70.000	85.298
Resultat etter skatt, (overskot)	3.808	4.564	6.181
Totalkapitalrentabilitet	10,87 %	11,54 %	12,88 %
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	140,60 %	214,19 %	139,87 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1,91 %	-0,65 %	4,95 %
Eigenkapitalandel %	57,80 %	58,50 %	53,30 %

Kommentar til nøkkeltala

Det er ikkje utbetalt utbytte frå selskapet sidan 2009.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Marknadssituasjonen er fortsatt slik at breibandspresentasjonen i DSL marknaden er forholdsvis høg og det er ikkje det same talet ”nye” kundar som kjem til. Hovudtyngda av kundar er i dag kundar vi hentar frå andre operatørar, og eksisterande kundar som vi oppgraderar til høgare kapasitet og eller ny teknologi.

Enivest sitt hovudfokus dei næraste åra er å fortsette utbygging av Fiber Til Heimen, FHT i Sogn og Fjordane.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Førde kommune er avhengig av gode kommunikasjonslinjer i regionen. Gjennom deltaking i selskapet hentar kommunen ut kompetanse og kan gje innspel til viktige satsingsområder framover.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.10 Sunnfjord Næringsutvikling AS

Adresse: Hafstadvegen 34, Førde
Tlf nr: 90292406
E-post: jan@sunnfjord.no

Styret

Styreleiar; Reidar Sandal
Nestleiar; Mathias Råheim
Styremedlemar; Olve Grotle, Håkon Myrvang, Atle Hamar, Leif Arne Åsen,
John Helge Lunde

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar; møtehonorar kr 1500, samt styreleiarhonorar kr 50.000
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling; Ingen honorar
- Løn til dagleg leiar; frå juni 2012 kroner 67.600 pr mnd.

Revisor; BDO- Jan Inge Rygg

Kommunal eigardel

Eigarprosent: Tal aksjar: Førde kommune 58 av samla 430 (13,49% av kvar av kommunane. Samla eigargruppe kommunane er 54%)
Samla pålydande verdi: Pålydande 1.000 pr aksje

Kommunalt lån eller garanti;

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Selskapet skal arbeide aktivt for å fremje næringslivet i Sunnfjord. Selsakpe kan: a) Gje rettleiing til einskilde personar og bedrifter innen næringsspørsmål, slik at desse er sikra best mogleg hjelp frå private og offentlege organ. b) Vere kontaktperson mellom næringslivet, kommunale og offentlege styresmakter. c) Informere lokalsamfunnet om næringslivet, slik at ein fremjar forståing mellom desse. d) Arbeide med oppgåver som er av felles interesse for det lokale næringslivet. Stå for den felles markedsføringa av reiselivet i dei fire kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal.

Organisering

Organisert i flat struktur med dagleg leiar og rådgjevarfunksjonar for dei ulike fagomåda.

Sysselsetting

Selskapet har organisert seg med seks stillingar.

Viktige hendingar i 2012

Selskapet har saman med styret oppjustert drifta meir mot 1. linjetenester og rådgjeving mot næringslivet. Tilfanget av nye prosjekt er redusert på grunn av manglande støtte frå prosjektmarknaden og støttebeløp frå andre kjelder. Aktiviteten i selskapet er styrt gjennom styret si godkjenning av "Verksemdplan for SNU 2012" og godkjenning av budsjett. Sentrale prosjekt i 2012 er analyse av selskapsstruktur for "Sunnfjord Næringspark- Moskog", og støttearbeid med "Førde Handelspark- Brulandsvellene".

Økonomisk utvikling

(Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	8.464.919	5.812.155	5.360.404
Resultat etter skatt, (overskot)	- 717.340	539.950	159.958
Totalkapitalrentabilitet	-49,2 %	27,9 %	6,3 %
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld (*1)	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1,9%	17,0%	22,5%
Eigenkapitalandel %	32,2%	50,9%	46%

(*1); Ikkje langsiktig gjeld.

Kommentar til nøkkeltala

Disponeringar av resultat er gjort i generalforsamling slik aksjelova krev. Underskot i 2010 var dekkja gjennom redusert eigenkapital.

Overskota i 2011 og 2012 var disponert som auka eigenkapital. Vi syner også til BRR der informasjon er samla i samsvar med krav.

Oversending av rekneskap er gjort til BRR for 2012, men endeleg godkjenning ikkje motteten pr i dag

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

SNU AS syner til omfattande rapporteringsdokument for kommunane for driftsåret 2012.

Planer vidare er behandla som ”Verksemdplan for SNU 2013”, samt i ein del strategiprosessar som er gjort i styrearbeidet i selskapet.

Sentralt i utviklinga er aukande fokus og behov for 1. linjeteneste opp mot eksisterande næringsliv i regionen.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Sunnfjord Næringsutvikling utfører nærings- og utviklingsarbeid på vegne av Førde kommune. Kommunen har ikkje egne ressursar til dette.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.11 Sogn og Fjordane Teater LL

Adresse: Angedalsvegen 5
Tlf nr: 909 90 600
E-post: post@softeater.no

Styret Håkon Fimland, styreleiar
Iris Loftheim, nestleiar
Ola Tarjei Kroken, styremedlem
Kristine Lie, styremedlem
Kyrre Eikås Ottersen, styremedlem (tilsettere representant)

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar: Fylkeskommunale satsar for hovudutval
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling; kr. 0,-
- Løn til dagleg leiar; kr. 670.000,-

Revisor PricewaterhouseCoopers AS

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 20% Tal aksjar: 2 Samla pålydande verdi: 100.000,- (Førde kommune: 20.000,-)

Kommunalt lån eller garanti

Tilskot på grunnlag av tilskot frå kulturdepartementet med 7,5% av statstilskot

Verksemd/kjerneverksemd.

Sogn og Fjordane Teater sitt formål er i følgje § 1 vedtektene til selskapet:

”...å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som lekk i utvekslingsprogram med andre teater. Teatret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teatret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.”

I følgje tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet er formålet:

1. Et profesjonelt tilbud av teater-, opera- og danseforestillinger og andre sceneuttrykk over hele landet
2. Høy kvalitet gjennom utvikling og fornyelse
3. Nå hele befolkninga
4. Større mangfold
5. Effektiv ressursutnyttelse”

Lokalisering

Førde (Førdehuset)

Sysselsetting

17 fast tilsette, 26 årsverk med engasjerte, 1 lærling i kostumesyarfaget på systova.

Viktige hendingar i 2012

”SoFt 2011 – Eit lite stykke kosmos” vart gitt ut.

Eit kunstprosjekt i bokform – med fotografi og tekst – som søker å fange alle dei ulike komponentane som til saman utgjør teatrets eigenart, på og bak scenen.

Repertoar:

Absolutt Per av Bodil Kvamme og Ola B. Johannessen
Urmakarens hjarte av Miriam Prestøy Lie
Matias Orheim – med ord, felespel og glasmusikk av Mette Brantzeg og Norvald Tveit
Du ana'kje av Aslak Moe
Kinnaspelet - Songen ved det store djup av Rolf Losnegård
Sirkus Saragossa av Camilla Hübbe
Susanna frå Sunnfjord av Jorunn Torsheim
Min forestilling om mor av Bente Børsum
Mitt liv som mann av Geddy Aniksdal
Fridtjov Fomlesen av Lars Vik

Viser ellers til årsmelding sendt til Førde kommune.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	23.742	24.718	25.433
Resultat etter skatt, (overskot)	2.232	714	-2.299
Totalkapitalrentabilitet	49,5%	10,8%	-37,0%
Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld	*)	*)	*)
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	4,7%	8,0%	-5,4%
Eigenkapitalandel %	49,0%	48,3%	32,8%

*) = har ikkje langsiktig gjeld

Kommentar til nøkkeltala

SoFt har ikkje betalt utbytte i 2010, 2011 og 2012.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Teatersjefen er tilsett i eit åremål ut 2015. Repertoaret er planlagt ut denne perioden. Innhaldet i desse planane kan ikkje offentleggjerast før repertoaret blir presentert for presse og publikum ved inngangen til eit nytt teaterår. Teatret har ingen planar om å gjere vesentlege endringar i organisasjon og drift, samanlikna med korleis det har arbeidd dei siste ti åra.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Selskapet er etablert som ein reiskap innan kultursatsing i fylket. Kommunen sin eigarskap og økonomisk støtte er avgjerande for at dette tilbodet vert vidareført.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.12 Firda Billag AS

Adresse: Storehagen 4, 6800 Førde
Tlf nr: 57725000
E-post: post@firda-billag.no

Styret :

Styreleiar; Agnar Strømsnes
Styremedlemar; Rita Lilletvedt, Inger Osland, Christina Kvamme, Petter
Sortland, Elin Løset Vie, Gunvor Beate Solvik, Jostein Gjermundstad

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar; styreleiar: kr 110.000,-, styremedlemer: kr 27.500,-
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling; ingen godtgjersle
- Løn til dagleg leiar: kr 950.000,-

Revisor:

Deloitte AS v/ Leif Kilnes

Kommunal eigardel

Eigarprosent: Tal aksjar: 1236 Samla pålydande verdi: kr 1.236.000,-
Førde kommune signaliserer interesse for å gjere seg nytte av forkjøpsretten til Stryn kommune sine aksjar i Firda Billag AS.

Kommunalt lån eller garanti

Ingen

Verksemd/kjerneverksemd.

Verksemda sitt formål er å drive transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.

Organisering

Organisert som aksjeselskap. Firda Billag AS eig selskapa: Firda Billag Buss AS, Transferd AS og Fjordane Reisebyrå AS. (100% eigde).

Lokalisering

Hovudkontor : Førde.

Avdelingskontor: Ålesund, Stryn, Kaupanger, Sandane, Florø, Dale

Sysselsetting

I konsernet var det 480 fast tilsette pr 31.12.12

Viktige hendingar i 2012

Vi skilte ut verkstaden i eit eige AS; trucknor Firda AS. Firda Billag eig 50% - Trucknor eig 50%. Held til i verkstadlokal våre der dei leige areal.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	346056795	576966654	595916213
Resultat etter skatt, (overskot)	(371188)	5022494	(1978785)
Totalkapitalrentabilitet	0,1	-1,28	0,5
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	i.a	i.a	i.a.
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	Sjå kommentar		
Eigenkapitalandel %	26,5	24,9	26,1

Kommentar til nøkkeltala

Arbeidskapitalen vår var i 2010: kr 7,2 mill. I år 2011 var den på -2,2 mill og i år 2012 var den på 13,6 mill.

Utbytte til kommunen i 2010, 2011 og 2012:
Ingen utbytte er betalt

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Firda Billag Buss AS sin aktivitet vert anbudsutsett – oppstart frå sommar 2016. Vert viktig å vinne dette anbudet.

I år 2014 skal det skje oppstart på anbudet i Nordfjord som vi vann i år. Vert ei stor oppgåve, vil føre til ein auke i årleg omsetning med ca kr 55 mill.

Arbeidet med å få Transferd lønnsomt fortset. Gods er eit vanskeleg marked, men betre marginar i år enn i fjor.

Busselskapet har god inntening.

Utsiktene for dei kommande åra er positive, men det er betydeleg risiko knytta opp til anbudssituasjonen.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Selskapet har ei viktig infrastrukturrolle i fylket. Den bedriftsøkonomiske lønnsemda er svak og gjev ikkje avkastning til eigarane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.13 Sogn og Fjordane Bedriftsnettverk AS

Adresse: Hafstadvegen 34, 6801 Førde
Tlf nr: 97710909
E-post: ole.kleiven@bedriftsnettverket.no

Styret: Atle Hamar (leiar), Johnny Haugsbakk, Alex Vassbotn, Brigt Samdal og Christina Kvamme

Dagleg leiar: Ole T. Kleiven

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styreleiar kr. 80 000
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling
- Løn til dagleg leiar kr 560 000

Revisor: Deloitte

Kommunal eigardel: 9 %

Eigarprosent: Tal aksjar: 50 Samla pålydande verdi: 50 000

Kommunalt lån eller garanti: Ingen

Verksemd/kjerneverksemd.

Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane er i dag eigd av bedrifter innan industri, marine næringar og andre næringar. Bedriftsnettverket skal saman med andre aktørar i Sogn og Fjordane stimulere til auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid i bedriftene, der målet er å styrkje den enkelte bedrift si konkurransekraft. Saman skal vi arbeide for kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping i Sogn og Fjordane

Lokalisering

Bedriftsnettverket i SF er samlokalisert i Hafstadvegen saman med Sunnfjord næringsutvikling

Viktige hendingar i 2012

I Bedriftsnettverket har det vore arbeidd mykje med Innovasjonssenteret med fokusområda fornybar energi og helse. Spesielt har fokuset vert på fornybar energi og den 31. mars i år sendte Bedriftsnettverket søknad om opptak i Arena programmet for 2012. Arena er eit statleg program eigd av SIVA, Forskingsrådet og Innovasjon Norge. Arena søknaden "Energiregion Sogn og Fjordane" www.bedriftsnettverket.no er et samhandlingsprosjekt der bedrifter i heile verdikjenden innan fornybar energi (produksjon, distribusjon, finansiering og sluttbruk) i fylket er med.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2012	2011	2010
Sum inntekter	1100	1366	808
Resultat etter skatt, (overskot)	-464	-329	-201
Eigenkapitalandel %	145	-319	182

*Gjennomført en rettet emisjon i 2012

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Spissa klyngesatsing innan Helse og Fornybar Energi (Energiregion Sogn og Fjordane).
Klyngesatsinga skal skape innovasjon og vekst i
bedriftene gjennom å fokusere på klyngeutvikling samt utvikling av FoU-verkemiddel.
Klyngesatsinga skal bidra til auka teknologiutvikling og kompetanserekuttering til
Sogn og Fjordane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

2.1.14 Førdepakken AS

Adresse: Førde kommune, Hafstadvn 21, 6800 Førde, Tlf: 90993461

E-post: oddvarfl@gmail.com

Styret Oddvar Flæte, leiar, Margunn Skudal Nistad, Siv Hestad, Turid Anita Viken, John Helge Lunde, Johan Kåre Kjerstad

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar: Styreleiar kr 30.000, dei andre kr 15.000 kvar
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling: 0
- Løn til dagleg leiar: Dagleg leiar fakturerer sine tenester via selskapet Helgaro AS, honorar i 2012 utgjer kr 588.736

Revisor: Deloitte AS ved Leif Kilnes

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 44% Tal aksjar: 440 Samla pålydande verdi: kr 440.000:

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Verksemda sitt formål er å vere pådrivar for etablering og utvikling av ein tilfredsstillande infrastruktur for trafikkavvikling i Sunnfjord medrekna statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar samt gang- og sykkelvegar.

Organisering

Styret hadde i 2012 fire ordinære møte og to medan det var under etablering. I tillegg har det vore fleire møter av informerende art.

Nils Gjerland gjekk etter eige ønskje frå styret. Johan Kåre Kjerstad vart vald inn som nytt medlem frå 24. september 2012. Ordførar og rådmann i Førde kommune har baa møtt som observatørar. Like eins har Dina Lefdal møtt frå Statens vegvesen.

Styremøta har vore effektive og prega av konstruktiv vilje til å finne løysingar. I styret sit tre kvinner og tre menn.

Hovudkontor: Førde

Sysselsetting

Førdepakken AS har ingen tilsette, men dagleg leiar Oddvar Flæte fakturerer sine tenester via firmaet Helgaro AS. Prosjektleiarane Reidar Hatlebrekke (til 1.6. 12) og Arve Seger (frå 1.8. 12), blir fakturert med halv lønn frå Førde kommune.

Viktige hendingar i 2012

Førdepakken AS har i 2012 arbeidt aktivt med å få fram kor viktig E39 er for utviklinga av fylket, samstundes som trafikken i Førde sentrum og på rv. 5 må finne sine løysingar gjennom lokale sentrumstiltak.

I tillegg til informasjonsarbeid, har det vore viktig å få fram planar som kan gi grunnlag for prioriteringar.

I samtalar med Statens vegvesen, har vi fått eit eintydig svar: Førdepakken skal handsamast som ein sjølvstendig pakke, og E39 som eit sjølvstendig enkeltprosjekt. Det skal ikkje vere binding mellom pakken og enkeltprosjektet. Langeland-Moskog inngår i ein nasjonal strategi. Pakken og ny E39 har ulik tidshorisont for oppstart og ulik kostnad.

I januar 2013 la Statens vegvesen fram kommunedelplan for E39 Langeland-Moskog. Der rådde dei til Myra – Brulandsberget – Viegjerdet som ny trase for E39. Dei reknar med at det går tre-fire år før det ligg føre godkjende reguleringsplanar. Desse planane vil vere grunnlaget for bygging av ny veg kring Førde.

Med det tidsperspektivet som ein må innsjå før ein ny europaveg er på plass, er det nødvendig å betre trafikksituasjonen i Førde. Førde som by må rustast opp slik at trafikken glir lettare, byen tilpassar seg gåande og syklande slik at E39 i dag ikkje vert eit reguleringsmessig hinder.

Det er derfor arbeidt vidare med ei Førdepakke som omhandlar lokale tiltak i Førde. Det er ei satsing på lokale sambindingsvegar for bilistar, syklande og gåande. Sykkelbyavtalen blir integrert i dette arbeidet. Det på desse tiltaka vi nå nyttar nemninga Førdepakken og som vi planlegg ut frå ei øvre ramme på 1,5 milliardar kroner.

Førdepakken vil bygge ut dei lokale sambindingsvegane. Det gjeld både gang-, sykkel- og bilvegar. Det vil ta bort ein del av tungtrafikken frå sentrum, men vil framfor alt gje smidigare trafikk-løysingar. Samstundes vil ein lette gjennomkøyringa av rv. 5 gjennom sentrum og bygge avlastingsvegar i høve fylkesvegane.

Ein slik pakke vil styrke Førde som fylkessenter og gje sentrum infrastruktur til vidare å kunne utvikle seg. Førde har i høve innbyggartal, uvanleg mange arbeidsplassar. Utbygginga vil gje ein mjukare og trivlegare by.

I april 2013 vart det lagt ut kommunedelplan for Førde sentrum. Når denne kommunedelplanen og den tilsvarande for Langeland – Moskog er godkjende, vil det bli utarbeidd reguleringsplanar som klargjer for utbygging.

Regjeringa la i april 2013 fram ein Nasjonal transportplan der strekninga Langeland-Moskog ikkje vart nemnt. I kommentarane i etterkant m.a. frå Kommunal- og regionalministaren, er det presisert at det er sett av midlar til vidare planleggingsarbeid. Vi arbeidar vidare mot Stortinget for å få inn formuleringar kring den nemnde strekninga.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2011	2012
Sum inntekter	3 650 000	
Resultat etter skatt, (overskot)	12 871	

Kommentar til nøkkeltala

Selskapet hadde sitt første driftsår i 2012. Selskapet sine inntekter består av tilskot. Tilskota vert ført som inntekt i rekneskapen når dei er mottekne eller når det ligg føre bindande tilsegn. Utgifter vert kostnadsført etter kvart som dei påløper.

Selskapet har ikkje økonomisk overskott som føremål og er ikkje rekna som skattepliktig.

Ut frå føremålet, er det ikkje rapportert på finansieringstal.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Selskapet vil 2013 arbeide med å få finansiert ein bompengepakke og søke om godkjenning av den i 2014.

For E39 blir det arbeidd med å få finansiert arbeidet med reguleringsplanar.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Pådrivarselskap for etablering og utvikling av ein tilfredsstillande infrastruktur for trafikkavvikling i Sunnfjord medrekna statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar samt gang- og sykkelvegar.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

2.1.15 Kystvegen Måløy – Florø AS

Adresse: C/O Bremanger Kommune Rådhuset, 6723 Svelgen
Tlf nr: 57 79 63 00
E-post: kvf@bremanger.kommune.no

Styret

Styreleiar: Karl Vidar Førde
Styremedlemar: Morten A. Hagen, Jorunn P. Frøyen, Hans Petter Selstad,
Bengt Solheim-Olsen, Olve Grotle og Håkon Myrvang.

Revisor: Deloitte AS

Kommunal eigardel

Førde kommune vedtok i november 2012 å teikne ein aksjekapital på kr 100.000,-.
Formalitetar kring rapportering av Førde kommune som aksjonær er ikkje gjort.

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Selskapet arbeider for å realisere ein ny kystveg mellom Måløy og Florø via Svelgen. Dette vil opne opp for ein større bu- og arbeidsmarknadsregion, og reisetida mellom ytre Nordfjord og Florø vil bli halvert medan reisetida frå ytre Nordfjord til Førde vil bli redusert med ein time.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2011	2012
Sum inntekter	1000	
Resultat etter skatt, (overskot)	1000	

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Konkret vert det arbeidd med tre vegtiltak i prioritet:

1. Svelgen – Grov med tunnel Svelgen – Indrehus
2. Kort ferjekryssing over Nordfjorden
3. Svelgen – Sjødalen (oppstigninga nord for Svelgen)

Vegtiltaka er kostnadsrekna til 1 mrd, og det er føresett brukarfinansiering på 50%.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

For Førde som eit handels- og servicesenter, er det av stor interesse at kommunikasjonane til fylkessenteret vert forbetra og at Førde kan tene eit større omland. Vegen vil vere med å utvide det felles bu- og arbeidsområdet kring Førde. Rådmannen meiner dei planlagde vegprosjekta som selskapet Kystvegen Måløy – Florø AS prioriterer også vil vere til stor nytte for vår region og for resten av fylket, og vil gje ein betre tilkomst til kyststamvegen E39 som er det vegprosjektet som har høgast prioritet i Førde kommune.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

2.1.16 Jølster Skisenter AS

Adresse: Bjørkelia, 6847 Vassenden
Tlf nr: 57727550
E-post: post@jolsterskisenter.no

Styret

- Adm. direktør Stig Tveit
- Styreleiar Johann Gotteberg
- Nestleiar Norodd Støfring
- Styremedlemar; Atle Hamar, Leif Arne Åsen, Nils Ove Aasen, Ragnhild Sæle, Roy Petter Thorsen, Stein Arne Sunde, Thomas Christian Jarving

Revisor

PriceWaterhouseCoopers AS

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 0,407 % Tal aksjar: 100 Samla pålydande verdi: 108 kr

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Verksemda sitt formål er å legge til rette for skisportaktivitetar

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011
Sum inntekter	2939	3396
Resultat etter skatt, (overskot)	-634	-265
Sum egedelar	10299	12276
Eigenkapitalandel %	5,36 %	4,13 %

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Viktig å støtte opp om aktivitetsskapar i regionen.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen.

2.1.17 Sunnfjord Miljøverk IKS

Adresse: Einestølen, 6815 Førde

Tlf nr: 57724150

E-post: post@sum.sf.no eller bodil.ovretveit@sum.sf.no eller haakon.grepstad@sum.sf.no

Styret

	Namn fast	Namn personleg vara
JØLSTER	Oddmund Klakegg	Judith Kapstad
NAUSTDAL	Harald Kvame	Turid Anita Viken
ASKVOLL	Frida Melvær, styrets nestleiar	Kjell Kristian Carlsen
FJALER	Stig Moltumyr	Hogne Kvangarsnes
GAULAR	Henrik Lunde, styreleiar	Margunn Skudal Nistad
HYLLESTAD	Kari Hilde Ulvik	Espen Berge
FØRDE	Bjørn-Harald Haugsvær	Tore Fossen
FØRDE	Turid Vallestad	Gro Indrebø

Styregodtgjersle m.v.

- Godtgjersle til styremedlemar Sjå tabell
- Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling Sjå tabell
- Løn til dagleg leiarkr 713.500

Representantskapets vedtak 26. april 2013:

Tekst	For året 2013
Fast møtegodtgjersle pr. møtedag for møtande medlemmer / varamedlemmer til møte i styret, utval og representantskap	1 260
Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr møtedag dekket med inntil	2 110
Udokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr. møtedag dekket med	1 390
Årleg godtgjersle til leiar av representantskapet	6 010
Årleg godtgjersle til leiar av klageutvalet	6 010
Årleg godtgjersle til styreleiaren	39 250
Årleg godtgjersle til styrets nestleiar	9 960
Årleg godtgjersle til dei faste styremedlemmene	6 010
Reisegodtgjersle vert dekket i samsvar med Statens reiseregulativ	
Dekking barnepass under møter, inntil kr 200/time avgrensa oppover til kr 1.200	

Revisor

KRYSS-revisjonen

IKS-selskap:

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2012 (Kjelde SSB,):

Kommune	Folketal	Folketal	Fordeling	Fordeling	Medl.repr.skap
	01.01.08	01.01.2012	% 2008	% 2012	
1413 Hyllestad	1505	1 461	5,49	5,18	2
1428 Askvoll	3065	3 010	11,18	10.67	2

1429 Fjaler	2849	2 832	10,39	10,04	2
1430 Gaular	2748	2 848	10,02	10,09	2
1431 Jølster	2929	3 052	10,68	10,82	2
1432 Førde	11650	12 307	42,50	43,61	5
1433 Naustdal	2668	2 710	9,73	9,60	2
	27414	28 220	100,00	100,00	17

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Formålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning
3. Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg
4. Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.
5. Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

Lokalisering

Hovudkontor

Einestølen, 6815 Førde

Syssetting

8

Viktige hendingar i 2012

Frå styrets Årsmelding:

År 2012 Einestølen;

Tak over vekta i 2012; Fundamenta bygt 2011, og takkonstruksjonen på plass 1. mars 2012.

Gjenvinningsstasjonen vart oppgradert, ferdig desember. Alle kjeldesorteringsfraksjonar er no under tak, og heile stasjonsområdet er meir romsleg sidan nybygget er lagt «bak» i tidlegare skråning.

Økonomisk utvikling

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	40878	43771	44497
Resultat etter skatt, (overskot)	2333	1346	1164
Totalkapitalrentabilitet	2,1	6,2	3,8
Sjølvsfinansiering i % av langsiktig gjeld	100	100	100
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	15,6	7,8	7,4
Eigenkapitalandel %	45,9	45,2	44,5

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Jamn drift basert på selskapsavtalen. Deponiutviding kan bli aktuelt.

Frå investeringsbudsjettet for 2013-2017 vedteke av representantskapet inkl utfyllande tekst:

Investeringar (heile 1000 kroner)	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Kjøp av containerar, supplering dunkar	900	600	600	600	600	3 300
Divbygn messige justeringar	200	200	200	200	200	1 000
Utviding/ betongplate	900	900				1 800
Oppgradering gassanlegg (venteleg uaktuelt)	700					700
Lagerskur ytre stasjonar.	1100					1 100
Pårekneleg nykjøp/ utskifting tyngre maskinelt utstyr	2000					2 000
Deponiutviding	6000					6 000
Sum investeringar	11 800	1 700	800	800	800	15 900

Finansiering.

SUM har inga lånegjeld ved inngangen av 2013. Likviditeten er god, og vi ser ikkje føre oss nye låneopptak inneverande år.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Sunnfjord Miljøverk IKS utfører kommunale tenester på vegne av Førde kommune.

Eit interkommunalt selskap er ei god løysing for å gje økonomisk og kvalitativt gode tenester til innbyggjarane.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.18 Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS

Adresse: Strandavegen 13 6900 Florø
Tlf nr: 57751400
E-post: terje.brandsoy@alarmsentralen.com

Styret

Verv	Region	Namn	På val
Styreleiar *	Sunnfjord	Gerd Dvergsdal	2015 (14)
Nestleiar	Vertskommune	Anita Solheim Steinset	2014
Styremedlem	Nordfjord	Morten Hagen	2014
Styremedlem	Sogn	Gaute Johnsgaard	2015
Styremedlem	Tilsette	Frode Korneliussen	2014
Vara		Bernhard Øberg	2014
Vara		Torill Anita Segtnan	2014

*styreleiar er på val kvart år.

Styregodtgjersle m.v.

- **Godtgjersle til styremedlemar**
Leiar: kroner 28 000,- + 2000,- i tlf. godtgjersle.
Medlemmane kroner 800,- pr. møte.
- **Godtgjersle til bedriftsforsamling/generalforsamling**
Ingen godtgjersle frå Alarmsentralen
- **Løn til dagleg leiar**
605 000,-

Revisor

Kryss revisjon.

Kommunal eigardel

Eigarprosent: 11,80%

Kommunalt lån eller garanti

Avsetnad til Fond: Pr. 31.12.2012 står det på fondet kroner 737 058,43.

Samla langsiktig gjeld i balansen er på kr 10 036 849,- av dette utgjør pensjonsforpliktelsene kr 7 686 349,- og lån frå andre På kr 2 350 500,-.

Kortsiktig gjeld i balansen er på kr 2 326 451,82. dette er ei auke frå 2011-2012 på kr 672 192,- denne auken består hovudsakleg av ei auke i premieavvik pr 31.12.12 på kr 458 326,- frå KLP.

Verksemd/kjerneverksemd.

5.1: Mottak og formidling av naudmeldingar via naudnummer 110:

Sentralen er underlagt lov om brannvern med gjeldande føreskrifter:
(Ref : Forskrift for organisering og dimensjonering av brannvesen)

§ 4-5 Naudmeldemottak

Kommunane innafor ein region skal vere tilslutta alarmsentral – brann.

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, heretter kalla alarmsentralen skal til einkvar tid kunne ta imot meldingar som brannar og andre ulykker frå heile regionen den dekkjer. Sentralen skal ha fast bemanning av kvalifisert personale og vere utrusta slik at melding blir forsvarlig mottatt og registrert og ved behov samordna med andre naudetatar.

§ 4-6 Utkalling av innsatsstyrke og etablering av samband

Alarmsentralen er ansvarlig for alarmering og utkalling av tilstrekkelig innsatsstyrke og for alarmering av brannsjef eller overordna vakt. Personell som ikkje oppheld seg på brannstasjon skal alarmerast over personsøkjar eller tilsvarande. Alarmsentralen skal til einkvar tid kunne opprette direkte kontakt til politiets og helsevesenets alarmsentralar.

§ 4-7 Samband

Alarmsentralen skal opprette samband med utrykkingsleiar i innsatsstyrken og med brannsjef eller overordna vakt, samt hjelpe til under innsatsen.

5.2 Mottak og formidling av tryggleiksalarmar

Vere kommunane sin mottakssentral for automatiske tryggleiksalarmar ved kjøp av denne tenesta.

Organisering

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i

Lov 1999 – 01 – 29 nr.06 : Lov om interkommunale selskap.

Føretaksnummer for selskapet er 971 361 883

Lokalisering

Strandavegen 13 6900 Florø

Syssetting

12,5 årsverk + vikarteneste.

Viktige hendingar i 2012

- Alarmsentralen har i 2012 sendt ut brannvesena 1015 gangar. (1068 gangar i 2011)
- Vi har motteke 3950 automatiske alarmar. (4075 i 2011)
- Vi har motteke 64674 tryggleiksalarmar. (56300 i 2011)

Økonomisk utvikling

Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS er eit foretak der brutto driftsutgifter blir fordelt etter tal innbyggjarar i medlemskommunane (0 bedrift).

Inntekter frå automatiske alarmer i kvar einskild kommune blir ført tilbake til den kommunen inntekta kjem frå.

Fordeling mellom brann og helse.

Kommunane har sjølve bede om ei deling av utgiftene mellom brann og helse. Sidan byrjinga på 90 talet har tryggleiksalarmane sin del vore fastsett til kroner 150,- pr alarm pr. månad.

Førde kommune hadde pr. 31.12.2012 142 alarmer. Då blir helse sin del 142 x 150 x 12 mnd.

(1.000 Kr)	2010	2011	2012
Sum inntekter	12600	12698	13303
Resultat etter skatt, (overskot)	753	723	0

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Alarmsentralen IKS utfører nødvendige tenester til kommunane innan brann og tryggleiksalarmer.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.19 Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktsamarbeid IKS

Adresse: FSS, Akuttmottak, 6807 FØRDE
Tlf nr:
E-post: hul@sys-ikl.no

Styret

Politisk Arve Helle Joakim Systaddal
Helseadm. Kjell Idar Dvergsdal Kurt Even Andersen
Helseadm. Torill Varden Kjell Skaflestad
Repr legar Werner Garre Arne Bjørnetun
Repr legar Anders Rosø Halvard Seljesæter
Repr hj pers Kjersti Lunde Ikkje valt.
Repr H Førde Olav Hesjedal Ikkje utpeika
Brukar repr Gerd Bjørkedal Ikkje utpeika
Brukar repr Gro Indrebø (FFO) Ikkje utpeika

Revisor

Kryss Revisjon

Kommunal eigardel

Kostnadfordeling: 50 % fordelt likt mellom kommunane og 50 % fordelt etter folketal

Kommunalt lån eller garanti

Nei

Verksemd/kjerneverksemd.

Den interkommunale legevaktordninga har vore i drift sidan 1. april 2009.

Legevaktstilbodet gjeld for kommunane Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Gaular, Førde, Naustdal og Jølster.

Mål for kommunalt eigarskap i selskapet

Målet med etableringa var å skape ei interkommunal legevakt med høg kvalitet for brukarane. I tillegg var målet å redusere vaktbelastning i den einskilde kommune og dermed bidra til rekruttering og stabilitet i legestillingane.

Nyoppretta overgrepsmottak er og tilknytta legevakta SYSIKL.

Tilråding: Vidareføre eigarskapen

2.1.20 Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Adresse: Postboks 400 Sentrum, 0103 Oslo
Tlfnr: 22 03 35 00
E-post: klp@klp.no

Styret

Arne Øren (leiar), Liv Kari Eskeland (nestleiar), Marit Torgersen, Anita Krohn Traaseth, Herlof Nilsen, Jan Helge Gulbrandsen, Freddy Larsen, Egil Johansen, Ingjerd Hovdenakk og Siv Holland.

Om selskapet

Kommunal Landspensjonskasse er eit gjensidig selskap, og har ikkje eigarar i tradisjonell forstand, men selskapsmedlemar. Selskapsmedlemene er alle kundar som har offentlig tenestepensjon i selskapet. KLP sine kundar og selskapsmedlemar er kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og sjølvstendige verksemdar som er knytt til offentlig sektor.

Selskapet sitt formål er å ivareta medlemenes behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan og anten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive einkrav verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemd og einkvar anna verksemd som er tillete for livforsikringsselskap, her og administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.

Kommunalt medlemskap

Førde kommunar har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar kommunen å betale eigenkapitalinnskott i den grad det er nødvendig for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I kommunen sitt rekneskap for 2012 står eigenkapitalinnskott i KLP oppført med ein verdi på 10,86 mill kr. Innbetalt i eigenkapitalinnskott i 2012 er 1,2 mill kr.

Ved ei eventuell utmelding av KLP er det kommunen sin del av selskapet sin oppsamla eigenkapitalinnskott som vert utbetalt.

2.2 OMTALE AV KVAR STIFTING

Førde kommune er medstiftar i 3 stiftingar. Desse er i kronologisk rekkefølge:

- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Sjå nærare omtale av kvar stifting nedanfor.

Det spesielle ved ei stifting, i motsetning til eit aksjeselskap, er at ho er sjølveigande, og utan eksterne eigarar.

Kommunen sitt ansvar for stiftingane er å velje styremedlemar eller medlemar til evt representantskap, og gje fråsegn til forslag frå styret om omdanning. Kommunen har ikkje mynde til å instruere styremedlemene. Kommunen har ikkje plikt til å yte driftstilskot eller anna tilskot til stiftingane dersom dette ikkje er særskilt avtala.

Her er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølve. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftingar har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si ev. deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Kommunen vel styremedlem i stiftingane.

2.2.1 Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Adresse: Postboks 395, 6801 Førde
Tlfnr: 57721940
E-post: info@fordefestival.no

Oppretta
Den 14.03.1992

Opprettar/ opprettarar
Fylkeskommunene, Førde kommune, Førde Næringsutvikling, Landslaget for spelemenn, Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Type stifting
Alminneleg stifting

Føremål
Å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald.

Grunnkapital
Kr. 426.573.

Styret
Kristin Hille Valla (leiar), Margrethe Henden Aaraas (nestleiar), Jens Brekke, Mari Andrea Ness, Ivar Svensøy, Arild Herstad og Eva Kristin Svidal.

Tilskot frå kommunen
Årleg tilskot i følgje avtale med staten og kommunane i 2013 er kr 911.000.

Kommunene sitt ansvar
Bystyret endra i møte 16.12.2010 vedtektene for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival § 4 på bakgrunn av lovendring og skriv frå Kulturdepartementet;
Styret er stiftinga sitt høgste organ.
Stiftinga skal ha eit styre på 7 medlemmer med personlege varamedlemmer - valde for 2 år om gongen.
Eit representantskapsmedlem skal ikkje sitje i styret.
Ingen kan sitje samanhengande som styremedlem meir enn 8 år.
Sogn og Fjordane Fylkeskommune vel 3 styremedlemmer med vara. Fylkeskommunen peikar ut styreleiar.
Førde kommune vel 1 styremedlem med vara. Ein av desse skal vere etter forslag frå utøvarorganisasjonane. Organisasjonane kjem her med forslag på 4 personar (2 kvinner og 2 menn) som kommunen kan velje mellom.
Representantskapet vel 3 styremedlemmer med vara.

2.2.2 Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Adresse: Postboks 663, 6804 FØRDE
Tlfnr: 57825040
E-post: post@sfk.museum.no

Oppretta
Den 06.01.2004

<u>Opprettar/ opprettarar</u>	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 40.000
Førde kommune	kr 20.000
Jølster kommune	kr 20.000
Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane	kr 5.000
Norske Kunsthandverkarar Vest-Norge	kr 5.000
Hornindal kommune	kr 10.000
Lærdal kommune	kr 10.000

Type stifting
Alminneleg stifting

Føremål
Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og kunsthandverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forskning og formidling.

Grunnkapital
Kr 11.000,-

Styret
I samband med konsolideringa frå januar 09 er det sitjande stiftingsstyret sitt mandat endra.

Tilskot frå kommunen
Fekk faste tilskot fram til 2009 inntil konsolideringa med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Kommunen sitt ansvar
Kommunen vel medlem og varamedlem til styret.

2.2.3 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Adresse: Gota 16, 6823 Sandane
Tlfnr: 57 86 84 80
E-post: post@misf.museum.no

Oppretta

Den 14.01.2009

Opprettar/ opprettarar

Fylkeskommunen, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sogn Folkemuseum

Type stifting

Alminneleg stifting

Føremål

Å drive museum og å forvalte all drift ved museumsavdelinga, som ledd i gjennomføringa av den statlege musumsreforma (konsolidering).

Grunnkapital

Kr. 100.000

Styret

- 1 Harry Mowatt (styreleiar), Leirvik
- 2 Laura Kvamme (nestleiar), Fjærland
- 3 Hallvard S Oppedal (styremedlem), Oppedal
- 4 Olin Johanne Henden (styremedlem), Sandane
- 5 Arild H. Eriksen (styremedlem), Dale i Sunnfjord
- 6 Asbjørn Tyssen (styremedlem - tilsette), MISF - Avd. Sunnfjord Museum, Førde
- 7 Anna Jorunn Avdem (styremedlem - tilsette), MISF - Avd.De Heib. samlinger - Sogn Folkemuseum, Kaupanger

Tilskot frå kommunene

Årleg tilskot i følgje avtale med kommunane og staten (knutepunktinstitusjon) i 2013 kr 594.000.

Kommunen sitt ansvar

Kommunen vel medlem og varamedlem til styret.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 047/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/262
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 8-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
Oppfølging av selskapskontroll og forvaltningsrevisjon	8.4.2014 7.5.2014 8.10.2014 20.10.2014	Sak 19/14 Eventuelt Vedtak: Kontrollutvalet viser til §§ 9 og 13 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, og ynskjer å sette fokus på korleis kontrollutvalet føl opp pliktene sine i forhold til selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Sak 21/14 Skriv og meldingar, SM 11/14: Oppfølging av selskapskontroll vert lagt på oppfølgingslista for seinare avklaring. Sendt e-post til FKT v/Hogne Haktorson. Svar frå FKT v/Hogne Haktorson lagt fram i meldingssak 039/14 Kontrollutvalet ynskjer å få framlagt Førde kommune sin strategi for eigarskap i selskap på neste møte 8. desember.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid	31.1.2013 31.1.2013 13.3.2013 7.5.2014	Sak 04/13 Tinging vedteken. Tinging sendt til KRYSS-revisjon. Sak 11/13, Prosjektplan vart godkjent. Sak 22/14, Rapport vart lagt fram. Innhaldet og formulering av vedtak i kontrollutvalet vart drøfta. Saka vart utsett til neste møte.

	20.6.2014	Sak 27/14 vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsrapporten «Innkjøpsavtaler og innkjøpssamarbeid som Førde kommune deltek i» datert 2.4.14. Kontrollutvalet sender rapporten over til bystyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Bystyret tek rapporten til orientering med følgjande merknader til hovudavsnitta i rapporten: 1. Etterleving av felles innkjøpsavtaler Bystyret merkar seg hovudkonklusjon og tilråding på side 14 i rapporten. Det må sikrast at alle som har innkjøpsmynde også har god kjennskap til innkjøpsavtalene. Bystyret merkar seg rådmannen sine merknader til rapporten mellom anna innføring av elektronisk handel. 2. Organisering av innkjøpsfunksjonen Bystyret merkar seg konklusjon på side 8 i rapporten. Ved desentralisert innkjøpsmynde er det viktig å redusere risiko for feil ved god opplæring og oppfølging av alle som har innkjøpsmynde. 3. Reglement og rutiner Bystyret tolkar rapporten slik at det i hovudsak er gode og tydelege reglement og rutiner. Bystyret merkar seg tilrådinga på side 10 i rapporten om endringar og tillegg til reglement og rutiner. 4. Oppfølging Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølging av funna i rapporten, arbeidet med eigenkontroll og innføring av elektronisk handel innan 1.4.15.																
	20.6.2014 25.9.2014	Sendt Førde kommune/bystyret for handsaming Vedteken i bystyret sak BY-038/14.																
Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014 20.6.2014 8.9.2014	Sak 29/14 vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regeleverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015. Tinginga sendt til Kryss revisjon. Sak 035/14 vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering.																
Sak 041/14 Budsjett for kontrollutvalet i Førde 2015	20.10.2014 20.10.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051: <table><tr><th>Konto</th><th>Budsjett 2015</th></tr><tr><td>10800 Godtgjersle folkevalde</td><td>42 000</td></tr><tr><td>10801 Godtgjersle leiar</td><td>30 000</td></tr><tr><td>10990 Arbeidsgjevaravgift</td><td>10 000</td></tr><tr><td>11500 Opplæring, kurs/seminar</td><td>20 000</td></tr><tr><td>11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil</td><td>3 000</td></tr><tr><td>11959 Kontingent FKT</td><td>4 000</td></tr><tr><td>Samla</td><td>109 000</td></tr></table> Sendt Førde kommune/bystyret.	Konto	Budsjett 2015	10800 Godtgjersle folkevalde	42 000	10801 Godtgjersle leiar	30 000	10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000	11500 Opplæring, kurs/seminar	20 000	11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000	11959 Kontingent FKT	4 000	Samla	109 000
Konto	Budsjett 2015																	
10800 Godtgjersle folkevalde	42 000																	
10801 Godtgjersle leiar	30 000																	
10990 Arbeidsgjevaravgift	10 000																	
11500 Opplæring, kurs/seminar	20 000																	
11600 Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil	3 000																	
11959 Kontingent FKT	4 000																	
Samla	109 000																	

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 08.12.2014	Saksnr 048/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/342
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).